


Planskildring med ROS-analyse

Detaljregulering for del av gnr. 40 og 41., Haugland nord,
Hufthamar bustadområde

Austevoll



11.05.2023

NØKKELOPPLYSNINGAR	
Kommune / stad	Austevoll / Haugland nord
Gnr./Bnr. (alle eigedommar)	40/2, 40/217, 40/218, 40/219, 40/221, 41/5 og 40/87
Forslagstillar	Jo Magnar Haugland, Even Haugland
Plankonsulent	Nagla AS / post@nagla.no / posjektnr: 1328
Plannamn / plan-id	Detaljregulering for del av gnr.40 og 41, Haugland nord, Hufthamar bustadområde / plan-id: 4625 20170006
Plantype	Detaljregulering, privat
Planområdet - daa	75,16 daa
Hovudføremål	<ul style="list-style-type: none"> - Bustad – frittliggjande småhus (1111) - Bustad – Konsentrert småhus (1112) - Leikeplass (1610) - Køyreveg (2011) - Fortau (2012) - Grønstruktur (3040) <p>Hovudføremålet med planen er å leggja til rette for utvikling av eit bustadområde med 29 einingar og tilhøyrande infrastruktur.</p>
Aktuelle problemstillingar	Terrengtilpassing og fjernverknad, vegframføring og fortau, leikeområde, bumiljø
I tråd med overordna plan?	I tråd med arealdelen av kommuneplanen 2013 - 23
KU-plikt	Nei
Er det varsla motsegn?	Nei
Vedtak	Oppstartmøte 28.8.2017 / oppstartvedtak 06.09.2018 / kunngjering om oppstart 21.06.2019
Offentleg ettersyn	05.05.2022 – 17.06.2022
Vedtak om godkjenning	
Synfaring gjennomført	Ja

1. Bakgrunn for planarbeidet	5
2. Planprosessen	5
2.1. Vurdering av KU-plikt og utgreiingsbehov	5
3. Gjeldande planstatus	6
3.1. Planhistorikk	6
3.2. Arealdelen til kommuneplanen.....	6
3.3. Eksisterande reguleringsplanar	8
3.4. Andre kommunale planar, rapportar og kartleggingar	9
3.5. Andre planar under arbeid.....	11
4. Regionale og statlege føringar.....	11
5. Skildring av planområdet	14
5.1. Lokalisering og avgrensing	14
5.2. Eksisterande bruk	14
5.3. Topografi, landskapstrekk og soltilhøve.....	15
5.4. Naturtilhøve, landbruk og fiskeri	16
5.5. Kulturminne, kulturmiljø, estetisk og kulturell verdi	18
5.6. Rekreasjon og uteområde.....	18
5.7. Born og unge sine interesser	18
5.8. Teknisk infrastruktur	19
5.9. Trafikk og kollektiv	19
5.10. Miljø, klima og grunntilhøve	20
6. Skildring av planforslaget	23
6.1. Bygningar og anlegg.....	23
6.2. Planlagt arealbruk og reguleringsføre mål	24
6.3. Byggjehøgder, grad av utnytting og tilpassing til terreng	24
6.4. Landskap og naturtilhøve.....	26
6.5. Arkitektur og estetikk.....	28
6.6. Bumiljø og bukvalitet	28
6.7. Tilgjenge og universell utforming.....	28
6.8. Leike- og uteopphaldsareal.....	28
6.9. Parkering.....	29
6.10. Trafikktryggleik og omsyn til mjuke trafikantar.....	29
6.11. Støy	29
6.12. Tilkomst, vegtilhøve og renovasjon.....	29
7. Verknader av planforslaget	30
7.1. Overordna planar og vedtak	30

7.2.	Tilhøve til naboar	30
7.3.	Estetikk og terrengtilpassing	30
7.4.	Tilgjenge og universell utforming.....	31
7.5.	Trafikktilhøve	31
7.6.	Vatn, avlaup, overvatn og sløkkevatn	32
7.7.	Born og unge sine interesser	33
7.8.	Rekreasjon, friluftsliv og landbruk.....	33
7.9.	Handels- og næringsliv.....	33
7.10.	Juridiske/økonomiske konsekvensar.....	33
7.11.	Naturtilhøve og vurdering av naturmangfaldlova § 8-12.....	33
7.12.	Strandsoneforvaltning	34
7.13.	Risiko og tryggleik	34
8.	Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)	35
8.1.	Samandrag: vurderingar og risikoreduserande tiltak.....	35
8.2.	Metode og kriterier.....	37
8.3.	Vurderingar.....	39
Vedlegg	43
Ikkje vedlegg	43

1. Bakgrunn for planarbeidet

Planarbeidet er initiert av grunneigarar på gnr 40 og 41, og utarbeida av Nagla plan og rådgjeving AS. Føremålet med planen er å leggja til rette for etablering av nye bustadar nær Storebø sentrum, med tilhøyrande leikeplassar og infrastruktur. Det er lagt opp til ei blanding av einebustadar og fleirmannsbustadar – totalt 29 einingar. Området er godt eigna som bustadområde då det ligg i et attraktivt og sentralt område i kommunen. Planforslaget er i tråd med arealdelen av kommuneplanen (2013) og legg til rette for bustadar med gode kvalitetar som tek omsyn til terrenget og med fin utsikt mot sjøen. Det er gode uteområde, kort avstand til Storebø sentrum og ønskje om snarleg realisering.

2. Planprosessen

Oppstartsmøte og medverknad

Det vart gjennomført førehandskonferanse med kommunen den 25.08.2017, og oppstartsmøte den 28.10.2017. Oppstartsøknad vart sendt til kommunen fyste gong 13.12.2017, med tilbakemelding frå kommunen den 19.02.2018. her vart ein mellom anna samde om å justere på planavgrensinga (reduere ved LNF-område i nord, og inkludere avkøyring ved fv.546). Ny revidert oppstartsøknad vart sendt den 19.06.2018. Løyve til oppstart planarbeid vart gjeve i utval for plan og byggesak den 06.09.2018. Melding om oppstart av planarbeid vart sendt ut til naboar, offentlege instansar og lokalavisa Marstein den 21.06.2019. Det kom inn 10 merknader. Desse er samla og kommentert i eige merknadsskjema, saman med vilkåra i oppstartsvedtaket. Det har vore dialog med kommunen undervegs i prosessen, og planen slik den no ligg føre er eit resultat av denne dialogen.

2.1. Vurdering av KU-plikt og utgreiingsbehov

Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing(KU), jf. [forskrift om konsekvensutgreiing\(2017\)](#), og [retteleiar for konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova \(2021\)](#). Føremålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert gjort greie for under førebuing av planar og tiltak, og når det takast stilling til om - og på kva vilkår, planar eller tiltak kan gjennomførast. Planar og tiltak som omfattast av forskrifta går fram av [§6](#), [§7](#) og [§8](#). Det er ikkje planlagt tiltak som fell inn under § 7 og § 8, eller tiltak etter vedlegg I og II. Vurderinga er at tiltaka i planen er i samsvar med overordna plan, og at KU-plikta ikkje utløysast, jf. forskrift og konsekvensutgreiing § 6, bokstav b.

I [konsekvensutgreiing for arealdelen til kommuneplanen \(2013\)](#) er området vidareført til bustadbygging frå gjeldande plan. Nye område nord for planområdet er utgreidd som utviding av desse (s.263) og inkludert i arealdelen som LNF-spreidd bustad. Vurderinga er at bustadbygging bør skje som fortetting innafor eksisterande område, og at område sør(planområdet) har god dekning for bustadbygging og bør utvidast først.

Naturmangfaldlova §8 - §12

Det er vidare gjort vurderingar etter naturmangfaldlova §8-10 i planområdet, og utarbeida ein rapport kring dette i tråd med §8 om kunnskapsgrunnlaget. Funna i rapporten og tilhøva til denne er omtala under 5.4 og 7.11, samt i ROS-analysen i kapittel 8. Rapporten er vedlagt. Vurderinga etter §12 er at planforslaget opnar for ei utvikling som ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfald og økonomiske tilhøve, gjev gode samfunnsmessige resultat.

3. Gjeldande planstatus

3.1. Planhistorikk

Området er ikkje tidlegare regulert, med unntak av ein liten del ved Fv.546 der planane overlappar. Arealet vart vidareført som bustadområde med plankrav i arealdelen til kommuneplanen i 2013.

3.2. Arealdelen til kommuneplanen



Figur 1 – utsnitt frå arealdelen til kommuneplanen 2013–23. Planområdet markert i raudt (kjelde: Austevoll kommune, 2022)

Planområdet er i gjeldande kommuneplan sett av til framtidig bustad, og heile planområdet (med unntak av sjøarealet) ligg innafor arealføremålet. Planforslaget legg ikkje opp til nye tiltak langs strandsona eller i sjø. Byggegrense til sjø er sett til 25 meter i arealdelen av kommuneplanen § 1.2. Nord for planområdet er det sett av eit areal til LNF-spreidd bustad, og elles er det LNF(landbruk, natur og friluftsliv) og bustadføremål i kringliggjande område.

Området er synt med detaljeringssone (horisontal skravur) som tyder at gjeldande reguleringsplan skal gjelde, men det ligg ikkje føre detaljregulering for sjølve planområdet.

Aktuelle føresegner i KPA 2013 – 23, utdrag:

§ 1 Plankrav (Jfr. plan- og bygningslova § 12-1,)

1.1 Plankrav i utbyggingsområde. I område avsett til utbyggingsformål, vert det stilt krav om godkjend reguleringsplan før byggjeløyve for arbeid og tiltak som nemnd i § 20-1 i plan- og bygningslova kan gjevast.

§2 – Rekkefølge (jf. plan- og bygningslova §12-7,2,10)

Fellesområde, leike- uteopphaldsareal for barn skal vere lagt til rette og ferdigstilt samstundes med bustadane, Jfr. Plan- og bygningslova § 12-7.

2.2. Avkøyrslar/kryss

Det er krav til utbyggingsrekkefølge om at avkøyrslar/kryss med busslommer og fortau/gang og sykkelveggar skal vera opparbeidd før nye bustadfelt vert tekne i bruk. Jfr. Plan- og bygningslova § 12-7.10.

3 Utforming (Jfr. plan- og bygningslova § 12-7,1)

3.1 Arkitektonisk utforming. Nye bygningar og anlegg skal gjevast ei god arkitektonisk utforming når det gjeld volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar, og ta utgangspunkt i god, lokal byggjeskikk. Bygningar og anlegg skal plasserast med best mogeleg tilpassing til terrenget, og slik at verdfull vegetasjon og terreng vert teken vare på. Særlege kulturhistoriske og/eller arkitektoniske kvalitetar skal takast omsyn til.

Aktuelle retningsliner i KPA 2013-23, utdrag:

A - UTARBEIDING AV REGULERINGSPLAN

Når det gjeld detaljkrav i reguleringsplanar, skal desse takast inn i dei einskilde reguleringsplanane. I detaljplanar kan ein om naudsynt ha med spesialreglar for type vindaug, takstein, panel, mur, betong, tre, farge og andre eksteriørmessige detaljer eller andre forhold.

Ved utarbeiding av reguleringsplan skal det leggjast vekt på forholdet mellom bygg og uteareal, tilkomst, vatn og avløp og det skal takast omsyn til overordna grønstruktur og kulturhistoriske kvalitetar og verdier. Planen skal syte for at bygg vert tilpassa landskapet og at det vert teke omsyn til fjernverknad. I forskrifter som høyrer til reguleringsplanen skal det takast inn krav som sikrar at dei estetiske retningslinene vert gjort gjeldande for planområdet. Saman med planen skal det leggjast fram ein rammeplan for vatn og avløp.

Det kan ikkje byggjast på areal som har verdi som leike- eller rekreasjonsareal. I detaljplanar for bustadføre mål skal det definerast attraktive areal for leikeplassar. Maksimal avstand frå bustad til leikeplass er 200m. Det skal setjast av eit minsteareal på 50 m² leikeareal pr eining i område for einebustad og 25m² pr eining i område for konsentrert busetnad. Plassane bør vere solrike og skjerma for sterk vind.

D - ESTETISK UTFORMING

Landskap og terreng

Nye bygningar og anlegg skal gjevast ei utforming og plassering som er tilpassa landskapet. Samanhengande landskapstrekk skal ikkje brytast. Nye bygningar og anlegg skal så langt råd er ikkje bryte horisonten og vise silhuett frå viktige synsvinklar. Dersom nye bygningar og anlegg, på grunn av form, storleik eller plassering ikkje let seg underordne landskapet, skal desse utformast slik at landskapet vert understreka. Vegar og andre tekniske inngrep skal gjerast så skånsamt som råd er. Vegar skal ikkje byggjast breiare eller med ein stivare kurvatur enn det som er naudsynt for den trafikken den skal ta. Inngrep i terrenget skal gjerast så skånsamt som mogeleg. Ved inngrep skal det formast nytt terreng som saman med tilgrensande område skapar ein ny heilskap. Inngrep skal verte tilplanta med vegetasjon som er naturleg i området.

UTFORMING AV BYGNINGAR OG ANLEGG



Nye bygningar og anlegg skal utformast slik at desse innbyrdes og saman med eksisterande bygg og anlegg skapar ein ny heilskap. Alle bygningar, også sekundære bygg som uthus og garasjar skal inngå i denne heilskapen. Når nytt areal vert teke i bruk skal bygningar og anlegg utformast og plasserast slik at det vert ei best mogeleg utnytting av arealet, og at tilgrensande areal også kan utnyttast på ein optimal måte.

Planarbeidet følger opp føresegner og retningsliner i KPA 2013-23. Rekkjefølgjekrav om opparbeiding av gang- og sykkelveg og om ferdigstilling av fellesområde, leike- og uteopphaldsareal kring bustadar er teke inn i planen. Igjennom planforslaget har ein søkt å finne gode løysingar for terrengtilpassing av bygg, plassering av tomter og veg, samt stilt krav til skånsame inngrep og etablering av ny, stadeigen vegetasjon.

3.3. Eksisterende reguleringsplanar

Det er to eksisterende reguleringsplanar i nærområdet: detaljregulering for Haugland gnr 40 bnr 5 m.fl (plan-id: 4625 20090021) frå 2016, og reguleringsplan for RV.546, Austevoll kommune G/S-veg Hufthamar – Haugland (plan-id: 4625 20080003), frå 2009.

Sistnemnde overlappar ved utkøyringa til fylkesvegen. Avkøyringa her er ferdig utbygt, men ikkje i tråd med det som er regulert. Den føreliggjande planen regulerer i tråd med det som er bygt.



3.4. Andre kommunale planar, rapportar og kartleggingar

Kommunalteknisk VA-norm nytta i Austevoll kommune

Verksemder for vatn- og avløp er underlagt ei rekkje lover og forskrifter som regulerer og påverkar planlegging, utføring og drift av VA-anlegg. I VA-norm for Austevoll kommune (2015) vert det spesielt gjort merksam på at eit VA-prosjekt skal vurderast av fleire instansar i kommunen. Va-normen inneheld dei tekniske krava som kommunen har vedteke for å sikre teknisk kvalitet med omsyn til overordna målsetjing i planar og rutinar når kommunen skal eige, drive og vedlikehalde VA-anlegg. Norma vert òg lagt til grunn for krav i samband med utbyggingsavtalar i kommunen. Eit VA-anlegg må i tillegg tilfredsstilla krava i plan- og bygningslova om godkjenning og kvalitetssikring.

Vurdering: For planforslaget er VA-rammeplan utarbeida på grunnlag av VA-norm for Austevoll kommune, og lagt ved som eige dokument.

Klima og energiplan 2010

Målet med Austevoll kommune sin klima- og energiplan er å leggja til rette for meir effektiv energibruk og reduserte klimautslepp i eigen organisasjon og elles i lokalsamfunnet. Planen sitt hovudmål er at Austevoll kommune skal medverke til å gjennomføre dei nasjonale klimamåla ved å ta tak i sin del av dei sektorvise utsleppa, med ein utsleppsreduksjon på 20 % i forhold til dagens nivå innan 2020. Det står òg at effektiv arealplanlegging reduserer utslepp frå transport gjennom fornuftig lokalisering av bustader, arbeidsplassar og ulike tenester i samband med tilbodet av kollektivtrafikk. Arealbruk kan påverke karbonmengda som er bunde i skog og jordsmonn, ved for eksempel avskoging.

Vurdering: Planforslaget legg opp til etablering bueningar sentralt på Storebø, med gangavstand til kollektiv og andre tenester i sentrum – og bidreg på denne måten til redusert behov for bil i kvardagen. Planen legg opp til vekst og utvikling nær sentrumsområde, og bidreg samstundes til relativt låge utslepp på sikt samanlikna med meir bilbasert vekst utanfor sentrumsområda. Området er avklart som byggeland i både KPA og planforslaget følgjer opp dei overordna avklaringane kring dette.

Trafikksikringsplan 2015 – 23

I trafikksikringsplan 2015 – 23 er det sett ein «nullvisjon», som mellom anna tyder at ein skal førebyggja tap av liv og helse gjennom å avgrense skadar i ulukker som ikkje kan hindrast. Eit særskilt relevant delmål er at trafikksikring skal takast i vare i all planlegging, sakshandsaming, politiske vedtak og utbygging(s.15). Vidare står det som mål at Austevoll kommune skal vera ein attraktiv bukommune. Kommunen har som mål å ha ulike typar bustadar og nok bustadar for å dekke behov og forventa folkevekst. Austevoll har generelt spreidd busetnad, med ein større konsentrasjon ved kommunesenteret Storebø. Det står vidare at i arealdelen til kommuneplanen ligg dei største områda for framtidig bustadbygging i områda kring Storebø, Bekkjarkvart og Austevollshella (Hundvåkøy), og at samfunnsdelen til kommuneplanen skisserer at det er eit mål å leggja til rette for meir variert bustadstruktur i Austevoll (s.12).

Veg- og gateljos er trekt fram både som risikoreduserande tiltak og som trivselstiltak, som kan bidra til at fleire går og sykklar – og som kan vera ein viktig faktor i eit folkehelseperspektiv (s.29).

Vurdering: Planforslaget bidreg til eit variert bustadtilbod nær kommunesenteret, med gang- og sykkelavstand til sentrum. Det er stilt krav til gateljos langs tilkomstveg i planområdet, samt stilt rekkefølgjekrav til opparbeiding av veg og fortau. Det er vidare stilt krav om at avkøyrslar til tomtene

skal ha god sikt, og at det ikkje skal etablerast element som hindrar dette. Trafikksikringsplanen har ikkje identifisert konkrete trafikksikringstiltak i tilknytning planområdet.

Kartlegging av viktige viltområde, 2006 (oppdatert 2018)

Ein av hovudtrugslane mot viktige viltområde er nedbygging med vegar, bygg og konstruksjonar. Planområdet er ikkje synt på kartet over prioriterte viltområde på s. 45 i kartleggingsrapporten, og vurderinga er difor at planforslaget ikkje får vesentleg verknad for viltområda i Austevoll.

Folkehelseoversikt 2020 - 24

I folkehelseoversikt for Austevoll kommune 2020 – 24, er det mellom anna synt til FN sine berekraftsmål. Her er mål nr 11, «berekraftige byer og samfunn» særskilt relevant for planarbeidet, då det tek sikte på å gjere byar, tettstadar og bumiljø inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige. Her vil helse, tryggleik, infrastruktur og klima vere viktige faktorar. Mål 12, «ansvarleg forbruk og produksjon» er òg relevant då det tek sikte på å sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster ved å betre utnytte ressursane og minimere påverknaden på miljø og klima. Det står at dette vil minke ressursbruk, miljøødelegging og klimagassutslepp.

Planforslaget legg opp til bustadutvikling nær kommunesenteret, med fortau og gangavstand til sentrumsfunksjonar og kollektivtransport, og vil på denne måten bidra til god utnytting av ressursar – til dømes ved å redusere behov for bil, legge opp til meir gonge og sykkel, og bygge på areal som er avklart i overordna planar. Følgjande punkt kring bustad og sosialt miljø er trekt fram i folkehelseoversikta;

Bustad (utdrag, s.61)

- Ein trygg og stabil busituasjon skapar auka trivsel og velvære. Fråvær av støy og forureining og tilgang til rekreasjonsområde har positive helseeffektar. Det same gjelder godt inneklima og tilstrekkeleg med plass.
- Det få som bur trengt i Austevoll. Dette kan kanskje sjåast i samanheng med at Austevoll har ein lav del innbyggjarar med vedvarande låginntekt som blir skildra seinare i kapittelet. Å bu trengt er særleg vanleg for personar med vedvarande låginntekt. Samstundes kan vi sjå ein tendens til fortetting i Austevoll. Dette er i tråd med satsinga til kommunen då det er meir samfunnsøkonomisk grunna høgare arealutnytting resuserar transportbehov og gjer ei auka moglegheit til å utvikla eksisterande og nye tilbod.
- Personar per hushald har minka dei siste åra, og ein kan forventa at det vil minka meir. Årsaka til dette er ein mogleg kombinasjon av at folk får færre barn og ei aldrande befolkning, noko som betyr at fleire vil bu åleine. Konsekvensen av dette er at risikoen for einsemd aukar, og kommunen bør difor ha fokus på ei meir sosial bustadpolitikk i tida framover.

Planforslaget legg opp til både frittliggjande og konsentrerte bueiningar med variasjon i storleik og utforming, noko som møter den demografiske utviklinga og framtidig forventa bustadbehov i kommunen. Lokaliseringa med god utsikt og gode soltilhøve, gong- og sykkelavstand til sentrum, skjerma leike- og uteområde, utanfor støyutsette område vil òg bidra positivt til folkehelsa.

Sosialt miljø (utdrag, s.91)

- Livskvalitet betyr å ha det bra, ha ressursar til å handtere kvardagslivet sine utfordringar, føla tilhørsle, oppleve meining, kunna utvikla seg og vera i gode relasjonar. Alle arena i kvardagslivet, slik som familie, barnehage, skule, arbeidsplass, nærmiljø, kulturliv og fritid har stor betydning. Forhold i nærmiljøet påverkar høva for deltaking, inkludering og trivsel.

- Med nærmiljøfaktorar meiner ein blant anna den fysiske utforminga av miljøet, transport og tilgjengelegheita til tenester. Forsking på integrasjon og inkludering peikar på at det må finnast møteplassar mellom menneske sine liv på tvers av ulikheit for at eit heilt lokalsamfunn skal opplevast å vera inkluderande.

Planforslaget legg opp til felles leikeareal og siktar på å tilby bustadar til ulike grupper. Gode, tilrettelagde leikeområde vil kunne bidra til eit godt sosialt miljø og opne for samhandling mellom ulike aldersgrupper.

3.5. Andre planar under arbeid

Arealdelen til kommuneplanen, samt samfunnsdelen er under rullering pr. 04.02.2022.

4. Regionale og statlege føringar

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)

Føremålet med retningslinene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga og bidra til meir effektive planprosessar. Retningslinene skal bidra til eit godt og produktivt samspel mellom kommune, stat og utbyggar for å sikre god stads- og byutvikling.

Aktuelle retningslinjer i dette planarbeidet:

- 4.8 - Planlegginga skal ta høgde for universell utforming og tilgjenge for alle, og ta omsyn til den delen av befolkninga som har lav mobilitet

Vurdering: Ein legg til grunn at arealdelen av kommuneplanen(2013) tek utgangspunkt i overordna og samordna planlegging av bustad-, areal- og transport – slik at ein får ein ønska samfunnsutvikling i Austevoll kommune. Planforslaget følgjer opp arealdelen til kommuneplanen og legg opp til at eit variert, attraktivt og sentral bustadtilbod kan verte gjennomført på ein god måte. Universell utforming er vert ivareteke i planforslaget og i den enkelte byggesøknad. Utbygginga vil kunne bidra til at fleire kan busette seg sentrumsnært samt nytte kollektivtransport, gang- og sykkelveg.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga, 20.09.1995

Viktige nasjonale mål er å sikre eit oppvekstmiljø som gir born og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ein kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om born og unge sine behov. Føremålet med retningslinene er å synleggjera born og unge sine interesser i planlegginga, samt gje kommunane eit godt grunnlag for å ivareta desse opp mot andre interesser og omsyn.

Aktuelt for dette planarbeidet er pkt.5, bokstav a og b – om krav til fysisk utforming:

- a. Areal og anlegg som skal nyttast av born og unge skal være sikra mot forureining støy, trafikkfare og anna helsefare.
- b. I nærmiljøet skal det finnast areal der born kan utfolda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føreset mellom anna at areala er store nok og er eigna for leik og opphald, gjev mogelegheit for ulike typar leik på ulike årstider, at dei kan nyttast av ulike aldersgrupper, og gjev mogelegheit for samhandling mellom born, unge og vaksne.

Vurdering: Areal som er avsett til felles leikeareal i planområdet vil kunne nyttast av born og unge som bur i nærområdet. Areal er solrike, ikkje utsett for forureining, støy eller anna helsefare, og det er planlagt fortau forbi to av leikeplassane. Leikeplassane skal opparbeidast med benkar, leikeapparat

og vegetasjon som vil kunne bidra til aktivitet og skjerming mot vind. Planforslaget legg elles opp til eit variert bustadtilbod som vendar seg mot ulike aldersgrupper, noko som vil kunne gje mogelegheiter for samhandling mellom born, unge og vaksne. Det er kort avstand til kollektivtransport, og gang- og sykkelavstand til Storebø sentrum, skule, bornehage og fritidstilbod, som til dømes symjehall.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 - 25

Hovudmålet med regional plan for attraktive senter er at ein skal ha attraktive senter som fremjer livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport – samt at sentera skal tilretteleggja for vekst i heile fylket. Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i, ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod, vera attraktive for handel og verksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen, og vera tilrettelagde for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.

Vurdering: Austevoll er i stor grad prega av spreidd busetnad og bilbasert utvikling. Planforslaget legg opp til utvikling av eit sentrumsnært bustadområde, med relativt kort avstand for gåande og syklende til sentrum, kollektivtransport, butikkar og tilbod – noko som vil kunne bidra til at fleire vel miljøvenlege alternativ til biltransport, som gange, sykkel og kollektiv. Dette vil òg kunne bidra til å styrke Storebø som kommunesenter.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, kgl.res. 28.05.2021

Føremålet med retningslinene er å tydeleggjera nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Retningslinjene gjelder for landareala i strandsona, men planlegginga bør skje heilskapleg slik at ein sikrar godt samband mellom arealbruk i strandsona, i sjøen og på landområda bak 100-metersbeltet. Strandsoneforvaltninga skal bidra til berekraftig utvikling jamfør FN's berekraftsmål. Retningslinene skal bidra til at det takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser i strandsona, og at ein unngår bygging langs sjøen som ikkje er naudsynt, jf. Pbl §1-8. Retningslinene bidreg til differensiert strandsoneforvaltning. Austevoll kommune er vurdert til å ligge i *sone 3 – område med mindre press på areala*.

Aktuelle retningslinjer (utdrag)

- 6. Generelle retningslinjer for planlegging i strandsona: utbygging bør konsentrerast til etablerte byggeområde. Areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast framfor areal til fritidsbustadar.
- 6.1. Natur- og kulturmiljø og landskap: planlegging i strandsona skal ta omsyn til naturmangfald. Karakteristiske hovudtrekk i landskap bør oppretthaldast. Verdifulle førekomstar av naturtypar og artar må takast vare på. Landskapet langs kysten er viktig som grunnlag for opplevingar og kjelde til identitet og livskvalitet for innbyggjarane. Ved planlegging må det takast omsyn til å bevare landskapskvalitetar og å tilpasse det bygde miljø til omgjevnadane. Eventuelle nye tiltak må tilpassast og ta omsyn til landskap, kulturminne og naturmangfald.
- 10.1. Byggeforsbod: Utbygging skal berre tillatast etter ei konkret vurdering ut i frå lokale tilhøve. I område utan press vil det vera enklare for kommunen å gje løyve til å byggja enn i område der presset er stort.
- 10.2. Kommuneplan og reguleringsplan: tilhøve til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske, akvakultur og reindrift må òg vurderast. Der det tillatast bygging, bør omsynet til andre interesser ivaretakast best mogeleg. I byer og tettstadar skal behovet for fortetting og byutvikling tilleggast vekt. Areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustadar.

- 10.3. Plassering av ny bebyggelse: Utbygging bør så langt som mogeleg lokaliserast til område som er bebygd fra før, og med vekt på fellesløysingar for vegar og anna teknisk infrastruktur. Alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mogeleg. Det bør òg vurderast om tiltaket kan trekkast vekk frå sjø. Tiltak som tillatast må tilpassast omgjevnadane best mogeleg.
- 10.4. Terrenginngrep og infrastruktur: Terrenginngrep bør ikkje tillatast på areal som har spesiell verdi i samband med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap. I planlegginga skal det leggjast vekt på om omsynet til tilgjengelegheit for ålmenta kan ivaretakast ved at det eksempelvis setjast av areal til kyststi, friluftsområde eller liknande. Tomteopparbeiding, etablering av vegar og anna infrastruktur bør skje slik at terrenginngrep og ulemper vert minst mogeleg. Det bør leggjast vekt på løysingar som gjev ålmenta betre tilgang til sjø og ein forbetra landskapsituasjon gjennom terrenghandsaming, planting av vegetasjon og liknande.

Vurdering: Planforslaget legg opp til utviding av eit eksisterande bustadområde nært Storebø sentrum, på areal som er avsett til bustadbygging i arealdelen av kommuneplanen(2013). Igjennom planforslaget har ein teke omsyn til fiskeriinteresser (kaste- og låssettingsplass) og landbruksinteresser. Ein har òg søkt å tilpasse utbyggingsområda til terreng og landskap, ved å trekke byggegrenser vekk frå sjå, inn frå bratt terreng samt ved å sikre individuell terrengtilpassing og byggehøgder. Det vert ikkje lagt opp til tiltak langs sjø, der planen legg opp til grøntområde. Det er òg utarbeida ein rapport over biologisk mangfald, som konkludera med at det ikkje er verdifull natur av vesentleg kvalitet i området.

Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger, revidert 20.03.2020

Hovudmål: Kystsone i Sunnhordaland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsone. Særleg relevant delmål:

- Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

Særleg relevante retningslinjer:


- 2.22 Kommunane skal vurdere om tiltak som tidlegare er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med nasjonale og regionale føringar for strandsona.
- 2.23 Kommunen skal vurdere behov for nye byggeområde, båtplassar og tilrettelegging for friluftsliv.
- 2.27 Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar, og gje minimale terrenginngrep og optimal massebalanse.

Vurdering: Planforslaget som heilskap følgjer opp arealdelen til kommuneplanen og bidreg difor til ei føreseieleg utvikling i området som er avklart på eit overordna plannivå. Store delar av planforslaget ligg innafor 100-metersbeltet til sjø, men etablering av bustadområdet vil ikkje bidra til redusert tilgjengelegheit i strandsona. Området mot sjø er bratt og er ikkje nytta i samband med friluftsliv eller rekreasjon. Mot sjø der området er bratt og relativt utilgjengeleg er det ikkje lagt opp til tiltak. Igjennom planforslaget har ein stilt krav til individuell terrengtilpassing av tomtene for å redusere terrenginngrep og fjernverknad. Område på sjø er registrert som friluftsområde, og vegetasjon langs den bratte strandlinja vil bidra til å dempe visuell påverknad frå bygg som ligg i 100-metersbeltet. Arealdelen til kommuneplanen (2013) sett ei generell byggegrense til sjø på 25 meter, og planforslaget legg ikkje opp til bygg innafor denne sona.

5. Skildring av planområdet

5.1. Lokalisering og avgrensing

Planområdet er lokalisert nord i Austevoll, nord på Huftarøy. Planområdet ligg på Haugland nord, mellom Storebø sentrum og Hufthamar ferjekai. Området ligg om lag tre minutt unna Hufthamar ferjekai og Storebø sentrum (1,7km) med bil. Tilkomstvegen går frå fv.546 og vidare på privat veg til bustadområda. Planområdet er på 75,16 daa, medrekna sjøareal. Planområdet er avgrensa mot «LNF» og «LNF-spreidd bustadbygging» på g/bnr 41/5 i nord, og mot regulert areal for bustadområde på g/bnr 40/2 i sør. I aust grenser planområdet mot detaljregulering for Fv.546, og i vest mot sjø, «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».




Figur 4 – til venstre: Lokalisering av planområdet på Huftarøy, nord i Austevoll kommune. Til høgre: Planavgrensing. (kjelde: Austevoll kommune, 2022, Nagla, 2022)

5.2. Eksisterande bruk

Tidlegare har store deler av området bestått av barskog, og i dag er store deler av barskogen tatt ut. På Figur 5 kan ein sjå korleis området har endra seg frå 2013 til 2019. Det er gjeve løyve til å sette opp to bustadar på g/bnr. 40/219 og 40/221, frådelt to ytterlegare eigedomar og etablert ein veg som vert inkludert i planforslaget. Det ligg ein låssettingsplass i vika (markert med raudt kryss).




Figur 5 – til venstre: flyfoto frå 2013, til høgre: flyfoto frå 2019. Bustadar på g/bnr 20/219, og 40/221 er synt med raud ring. Det er frådelt to eigedommar til i planområdet: g/bnr 40/217 og 218, synt med kvit ring. (flyfoto: Austevoll kommune, 2021)



Figur 6 – Det er etablert asfaltert veg inn i området. Eksisterende nytt bygg på g/bnr 40/219 synt med grøn skravur. (flyfoto: Austevoll kommune, 2021)


5.3. Topografi, landskapstrekk og soltilhøve

Planområdet består av kupert landskap med bratte og flate parti ned mot sjø. Terrenget mot aust er relativt ope og flatt, medan terrenget mot vest ligg på eit nivå med bratt terreng i bakkant. På det høgste ligg planområdet på kote +57 opp mot fylkesvegen og ender på kote 0 nede ved sjøen. Det er gode soltilhøve i området, då terrenget er ope, med sør og vestvendte hellingar og utan terreng som vil gje skuggetilhøve.




5.4. Naturtilhøve, landbruk og fiskeri

Store delar av området er prega av skoghogst med berg i dagen, noko myr, kratt og kystlynghei. Det går ein liten bekk igjennom sørleg del av planområdet. Aust i planområdet, og utanfor planområdet i nord er det fulldyrka og overflatedyrka mark. Planforslaget vil ikkje vera i konflikt med dyrka mark då desse ligg innafør grøntområde i planforslaget.




Det er ikkje registrert utvalde naturtypar, verna område eller kartlagde friluftsområde (naturbase.no, miljødirektoratet.no) innafør sjølve planområdet. Det er registrert raudlisteartar nord for planområdet og på andre sida av fylkesvegen (storspove (sårbar/VU), vipe(sterkt trua/EN), songlerke sårbar/VU) (naturbase.no, miljødirektoratet.no, artsdatabanken.no).



Figur 10 – Utsnitt frå kartlagde artar i Austevoll kommune. Det er registrert både risikoartar (sitkagran (*Picea sintchensis*), raudhyll (*Sambucus racemosa*)) og nært truga artar (heistarr (*Carex binervis*), Purpurlyng (*Erica cinerea*)) i og nært planområdet. Det er òg gjort registreringar av artar som er livskraftige (kystgrisøre (*Hypochaeris radicata*) og slyngsøtvier (*Solanum dulcamara*)). Nært truga artar er ikkje venta å verta ikkje direkte råka av planforslaget, då registreringane er gjort i bratt terreng og/eller utanfor planlagde tiltak i område sett av til grøntområde mot sjø. (kjelde, kart: Artsdatabanken, 2022)

Biologisk mangfald

Det er utført ei kartlegging av naturmangfald og vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova §8 – 10 (miljøfagleg utredning, 2021). Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt, og ein har anvendt føre-var-prinsippet i tilknytning verdi for fugl. Det vart registrert tre naturtypelokalitetar med kystlynghei, der alle tre hadde lav kvalitet etter miljødirektoratet sine kvalitetsvurderingskriterier. Disse oppnår difor ikkje status som forvaltningsprioritert naturtype etter miljødirektoratet sin instruks. Lokalitetane med kystlynghei oppnår likevel stor/høg verdi for forvaltningsprioritet, fordi kystlynghei er sterkt trua (EN). Med lav kvalitet ligg alle lokalitetane nedst på skalaen for stor verdi.



Figur 11 – Område 1, 2 og 3 vert råka av planlagt utbygging (miljøfagleg utredning, 2021).

Generelt vart det ikkje registrert raudlisteartar, men fire – fem framandartar spreidd i planområdet. Vurderinga er at tiltaket er venta å gje betydeleg miljøskade (-2) for naturtypelokalitetar i planområdet, og ubetydeleg miljøskade(0) for delområdet for artar og deira økologiske funksjonsområde. Det er òg vurdert at potensiale for funn av raudliste- eller sjeldne artar er svakt.

Konsekvensane av utbygging er vurderte til å vere avhengig av korleis vegar og utbyggingsområda vert lagt innfor planområdet. Alle tre kystlyngheilokalitetane vert råka av utbygginga, og rapporten tek utgangspunkt i at heile arealet vert teke i bruk til bygg, veg eller hage, og at lite av den naturlege vegetasjonen vert att. Det er òg vurdert at restareala av kystlynghei i planområdet er små, og at dei vil verte redusert ytterlegare som følgje av attgroing. Det er synt til at ein heller bør satse på å bruke ressursar på større lokalitetar i betre tilstand – og til at ein bør fjerne framandartar ved utbygging. Den 20.10.2021 ble det utarbeida ein rapport frå Miljøfagleg utredning angående kartlegging av artar innanfor planområdet, og ein vurdering av naturmiljølova § 8 – 12. I slutten av 2021 (24.11.2021) ble det offentleggjort ein ny utgåve av nasjonal raudliste for artar. Endringane har ført til at både heistarr (*Carex binervis*) og purpurlyng (*Erica cinerea*) har no status som «Nært truga» (NT). Dette er nemnt i rapporten under punkt 3.4.


Rapporten frå Miljøfagleg utredning, 2021, ligg som vedlegg.

5.5. Kulturminne, kulturmiljø, estetisk og kulturell verdi

Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller andre element av verdi i eller i nærleiken av planområdet. Det er utført hogst i store deler av områder og det er etablert ein ti år gamal traktorveg. Vurderinga er at området ikkje har element av estetisk og kulturell verdi.


5.6. Rekreasjon og uteområde

Den største delen av planområdet er ikkje bygt ut, og er prega av vegetasjon, skog og skoghogst. Det er ingen tydelege rekreasjonsverdiar i området, og det er ingen registrerte friluftsområde på land innafor planområdet eller i nærleiken. Det er registrert friluftsområde i sjø på store deler av Hufthammar og Haugland nord. Planforslaget legg ikkje opp til nye tiltak innafor 25-metersgrensa til sjø, og ein vurderer at planforslaget ikkje er i konflikt med registrert friluftsområde.



5.7. Born og unge sine interesser

Det er ikkje areal avsett til, eller nytta av born og unge innafor planområdet (til dømes «hundremeterskog» og liknande). Planområdet er prega av skogshogst. Det er ikkje registrert stiar i området. Planområdet ligg omlag 1,9 km unna Storebø skule (1,7 km i luftlinje), og ca. 1,9 km unna Sol-Li barnehage AS (1,3 km i luftlinje). Det er regulert og opparbeida gangveg fram til Storebø skule. Fram til barnehagen er det regulert gangveg, men denne er ikkje opparbeida heilt fram. Det manglar gangveg på ei strekning på om lag 150 meter i et lite trafikkert område rett nord for barnehagen. Det er elles etablert fleire bustadområde i nærleiken som kan bidra til at dette vert eit godt oppvekstmiljø sentralt på Storebø.



Figur 13 – syner gangveg / køyreveg frå planområdet til skule og barnehage. Raud til skule, og blå til barnehage.

5.8. Teknisk infrastruktur

Vatn og avlaup

Det er lagt vatn- og avlaupsleidningar langs eksisterande vegtrase inn til planområdet. Det må etablerast nye vassleidningar frå offentleg vassforsyning. I dag er det etablert 160mm vassleidning frem til tomt BFS4. Tilhøva kring vatn, avlaup og sløkkevatn er utdjupa under verknadar av planforslaget 7.6.

Energiforsyning og kraftliner


Det er ikkje kapasitet på eksisterande nettstasjon i området, og det må førast opp ny i samband med utbygginga. Oppføring og tilkopling av ny nettstasjon skal skje etter dialog og anbefalingar frå Austevoll kraftlag. Det går ikkje kraftliner eller høgspent igjennom planområdet.

5.9. Trafikk og kollektiv

Vegtilkomst og trafikktryggleik


Planområdet har tilkomst frå eksisterande avkøyring frå fylkesveg 546, og vidare inn på privat tilkomstveg. Fartsgrensa langs fylkesvegen forbi planområdet er 60 km/t og vegen er oversikteleg. Avkøyringa til fylkesvegen har gode siktliner, og eksisterande tilkomstveg inn til planområdet er oversikteleg og asfaltert.

Trafikkmengd langs fv.546 frå Hufthamar ferjekai og fram til avkøyringa til planområdet har ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk (ÅDT) på 900, og 9% av disse utgjer tungtrafikk. ÅDT frå avkøyringa inn til planområdet og til Storebø sentrum er 1900, og 7% av disse utgjer tungtrafikk. Det er etablert gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.



Figur 14 – til venstre: utsnitt som syner ÅDT frå Hufthamar ferjekai til planområdet, til høgre: utsnitt som syner ÅDT frå planområdet inn til Storebø sentrum. Avkøyring til planområdet er markert med raudt punkt. (kjelde: statens vegvesen, 2021, Nagla 2022)

Trafikktryggleik langs fylkesvegen og den private tilkomstvegen inne i planområdet er relativ god, med gode siktlinjer og bredde på vegarealet. Det er opparbeida gang- og sykkelveg langs fylkesvegen frå Hufthammar ferjekai, forbi planområdet og heilt fram til Storebø sentrum. Det er registrert 4 ulukker langs fv.546 frå Hufthammar til Storebø sentrum. Tre av ulukkene er ulukker med lettare skadar, medan ein er registrert som ulykke med alvorleg skade. Ingen av registreringane er i nærleiken av planområdet.




Kollektivtilbod

Det er godt kollektivtilbod med kort avstand til næraste busshaldeplass ved avkøyrsla til fv.546. Det er òg fortau langs vegen ut til ferjeleie der det går lokal passasjerbåt og ferje med hyppige avgangar til Krokeide.

5.10. Miljø, klima og grunntilhøve

Stabilitet i grunnen

Det er gode grunntilhøve i området. Lausmassane i heile planområdet vert av Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) definert som bart fjell. Dette betyr at området stort sett manglar lausmasser, og/eller at meir enn 50% av arealet er fjell i dagen. Etter synfaring i området kan ein sjå at dette delvis stemmer. Det er eit tynt vegetasjonsdekke over nesten heile området, og synleg bart fjell enkelte plassar.




Mikroklimatiske tilhøve

ROS-analyse for Austevoll kommune utarbeida i 2012 syner at årleg nedbørsmengd generelt er lågare enn i resten av Vestlandet, og utgjer ingen risiko for området. Austevoll kommune si ROS-analyse frå 2006 nemner at gjennomsnittleg nedbørsmengd i Austevoll er på 1200 mm. Bergen sin nedbørsnormal ligg på 2250 mm. ROS-analysen seier òg at området er vindutsett, og at vinden kjem i hovudsak frå sør og søraust i vinterhalvåret og frå nord i sommarhalvåret.


Skred-, flaumfare og overvatn

Det er bratte parti innafor planområdet, men ikkje registrert steinsprang eller skred. Langs dei brattaste partia langs sjø er det registrert aktsomdområde for snøskred. Dette område er tett på sjø og dekket av vegetasjon.



Figur 17 – utsnitt frå kartlag som syner aktsomheitsområde for snøskred, NVE (kjelde: ngu.no.)

Byggeområda i planområdet er ikkje flaumutsett då dei ligg over kote +20. Internt i planområdet er det noko myr som kan bidra til å dempe lokal flaum. Ein mindre bekk i området ned mot Ørnesvika vil òg haldast open slik at denne vil kunne ta unna overvatn ved ekstremnedbør. Planområdet ligg i eit kystfelt/lite nedbørsfelt (0,13 km²) med middelavrenning på 1 648 mm/år (generert feltparameter, nevina.nve.no). Området har registrert 8,6% dyrka mark, 4,8% myr, og 88% uklassifisert areal. Det er ikkje venta at området har store utfordringar knytt til overvatn.



Figur 18 – Utsnittet syner generert nedbørsfelt for ein bekk i planområdet. Nedbørsfeltet er òg nytta som grunnlag for generering av feltparametre (NEVINA nedbørsfelt – Vannføring – Indeks - Analyse, NVE 2022).

Støytilhøve

Hovudkjelde til støy kjem frå fylkesvegen. Her er det kartlagt raud og gul støysone langs vegen (Figur 19). Sett bort frå eksisterande bygg og båttrafikk er det ingen andre støykjelder i området. Nye bustadar er planlagt utanfor gul støysone, og støysona er òg lagt inn i plankartet(H220). Kartlegginga frå Statens vegvesen syner at støysona langs vegen vert redusert som følgje av terrenget mot vest (Figur 19).

Eit bygg ligg allereie med frådelt tomt nær støysona (BFS1). Byggegrensa er trekt inn på tomta.




Figur 19 – utsnitt frå kartlegging av støysoner (statens vegvesen, 2021). Eksisterande bygg med frådelt tomt nær støysona (BFS1) er synst med raudt punkt (Nagla, 2022).

Potensielle kjelder til forureining

Det er ikkje registrert forureining i området. Luftforureining vil i hovudsak kunne koma frå fv.546. Med byggegrense på over 50 meter vil dette ha liten verknad på planområdet. Området er utsett for radon i grunnen.

Beredskap

Beredskap i området vert vurdert som relativt god. Det er kort avstand til dei lokale naudetatane då brann, legevakt og politi er lokalisert på Storebø. Det er god tilkomst i planområdet. Det er ikkje avgangar med ferje frå Austevoll om natta, og færre avgangar i helgar/heilag dagar. I Austevoll kommune nyttar ein då ambulansébåt, brannbåt og helikopter.



Figur 20 – utsnitt som syner kartlegging av radon i grunnen. Lokalisering av planområdet er synst med kvit ring (Austevoll kommune, norkart 2022)

6.2. Planlagt arealbruk og reguleringsføremål

AREALTABELL			
Føremål		SOSI	Areal m ²
Bygg og anlegg (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 1)			
BFS	Bustadar - frittliggjande småhus	1111	22595m ²
BKS	Bustadar - konsentrert småhus	1112	11313,2m ²
BE	Energianlegg	1510	151,7m ²
BAV	Avlaupsanlegg	1542	160,8m ²
BRE	Renovasjonsanlegg	1550	35,8m ²
BUT	Uteopphaldsareal	1600	787,5
BLK	Leikeplass	1610	1244,6m ²
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 2)			
SKV	Køyreveg	2011	4248m ²
SF	Fortau	2012	709,2m ²
SGS	Gang-/sykkelveg	2015	102,6m ²
SVG	Anna veggrunn - grøntareal	2019	4552,5m ²
SPA	Parkering	2080	102,7m ²
Grønstruktur (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 3)			
GBG	Blå/grønnstruktur	3002	6396,3m ²
GF	Friområde	3040	17193,8m ²
Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (PBL § 12-5, nr. 5)			
LL	Landbruksføremål	5110	3769,4m ²
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)			
VFR	Friluftsområde	6700	1752,7m ²
Omsynssoner (PBL § 12-6, 1. ledd)			
H140	Frisikt	140	
H220	Gul sone	220	
H740	Bandlegging etter andre lover	740	

Figur 22 – tabell som syner arealføremål, areal og kva kode som er nytta i plankartet

6.3. Byggehøgder, grad av utnytting og tilpassing til terreng

Bygg er plassert på ulike kotehøgder, med ulik gesims/mønehøgde og med individuell tilpassing til terreng. Det er her gjort ei avveging mellom ulike tilhøve som fjernverknad, utsikt, form og brattleik på eksisterande terreng, grad av terrenginngrep, kvalitet i uteområde og verknadar mellom bygga (til dømes utsikt). Tomtar til frittliggjande bustadar er gjeve ein storleik på mellom 1,0 – 2,2 daa, med BYA på 25%. Tomter som ligg lågt i terrenget er gjeve byggehøgde inntil 8-9 meter, medan bygg som ligg høgt i terrenget er gjeve byggehøgde på inntil 6,5-7,5 meter. Dette gjev ulike mogelegheiter og variasjon i storleik og utforming av bygg, samt tek omsyn til fjernverknad.

Byggegrenser er sett slik at det ikkje skal byggjast i det brattaste terrenget på tomtane. Byggegrense er elles sett til fire meter frå naboeigedom – med unntak for BFS4 som allereie er frådelt og har godkjent byggjeløyve nærare enn fire meter til naboeigedom. Tomtar til konsentrert bustad er gjeve storleik frå 1,6 – 3,9 daa, med BYA 35 – 40%. Individuell terrengtilpassing, gesims/mønehøgde og utnyttingsgrad går fram av plankart og av tabell under, og er sikra i føresegnene.

Tomt	Tal einingar	Planeringsnivå inngang (kotehøgde)	Maks. kotehøgde (gesims/møne)	Maks. byggehøgde (i meter) frå planeringsnivå inngang (gesims/møne)	Terrengtilpassing
BFS1	1	48	56/57	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BFS2	1	46-47	54/55	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BFS3	1	45-46	53/54	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BFS4	1	47	55/56	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BFS5	1	54-55	62/63	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BFS6	1	50-51	58/59	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BFS7	1	49-50	57/58	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BFS8	1	45-46	51,5/52,5	6,5/7,5	Plasserast nedover i terrenget
BFS9	1	44-45	50,5/51,5	6,5/7,5	Plasserast nedover i terrenget
BFS10	1	42-43	48,5/49,5	6,5/7,5	Plasserast nedover i terrenget
BFS11	1	42-43	48,5/49,5	6,5/7,5	Plasserast nedover i terrenget
BFS12	1	40-43	47/47	7/7	Plassering nedover i terrenget
BFS13	1	30-31	38/39	8/9	Plasserast nedover i terrenget
BFS14	1	28-29	36/37	8/9	Plasserast nedover i terrenget
BFS15	1	27-28	35/36	8/9	Plasserast nedover i terrenget
BFS16	1	26-27	34/35	8/9	Plasserast nedover i terrenget
BFS17	1	23-24	31/32	8/9	Plasserast nedover i terrenget
BKS1	2	46-47	54/55	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BKS2	4	48-51	56/58	8/9	Plassering tilpassast terrenget
BKS3	2	45-46	51,5/52,5	6,5/7,5	Plasserast nedover i terrenget
BKS4	2	46-47	52,5/53,5	6,5/7,5	Plassering tilpassast terrenget
BKS5	2	39-40	44/45	5/5	Plasserast nedover i terrenget

Figur 23 – tabell som syner planeringsnivå inngang, maks byggehøgde og korleis bygga skal leggjast i terrenget (jf. føresegn 5.1.9).

Det er allereie etablert bygg på BFS1 og BFS4 – desse vert regulert inn i tråd med eksisterande tiltak. Planområdet har bratte parti ned mot sjø i vest. Bygg på BFS13 – 17 er plassert på flatare parti langs planlagt tilkomstveg (SKV2) - og denne er lagt inn mot bratte parti, slik at bustadane vert liggjande framføre vegen med uteområde og utsikt mot sjø. Bygga skal leggjast nedover i terrenget, slik at ein unngår store fyllingar og skjeringar. Byggegrenser på BFS13 – 17 tek omsyn til terrenget i framkant, slik at det ikkje vert store inngrep/fyllingar i bratt terrenget framføre bygga, men at dette likevel kan nyttast til hage ved at bygg er lagt nedover i terrenget med utgang på ulike nivå.

Bygg på BFS8 – 11 ligg ein god del høgare i terrenget, og desse tomtene har flatare topografiske tilhøve. Desse tomtene ligg noko tilbaketrekt frå bratt terrenget mot vest, har tilbaketrekt byggegrense for å unngå tiltak nært det brattaste terrenget. Bygga vil likevel ha noko fjernverknad, og skal tilpassast terrenget slik at fjernverknaden vert minst mogeleg. Det er sikra i føresegnene (føresegn 3.2.) at dette skal synleggjerast i søknad om byggjeløyve, med snitt og teikningar. Bygg på BKS1, 3, 4 og 5 kan setjast opp som tomannsbustad. Bygg på BKS2 kan setjast opp som to tomannsbustadar eller ein firemannsbustad – til saman totalt fire bueiningar.

6.4. Landskap og naturtilhøve

Terrenget heller ned mot sjø i vest, og bygg vil ligge inn mot terrenget og/eller tilbaketrekt frå dei brattaste partia. Mot sjø vil vegetasjon i GF-områda, samt høgare terreng bak bygg, bidra til å dempe visuelle verknadar av tiltaka i landskapet. I SVG vert det naudsynt med ein del inngrep i bratt terreng for å få god vegframføring. Det er stilt krav om at inngrep skal gjerast så skånsamt som mogeleg, og at ein skal søkje å ta vare på eksisterande og stadeigen vegetasjon, samt etablere nytt terreng som skapar ei ny heilskap (føresegn 2.7). Der ein gjer inngrep skal det òg etablerast ny, stadeigen vegetasjon, og framande artar skal fjernast i anleggsperioden på ein slik måte at ein hindrar spreieing til omlandet (føresegn 2.4.3.). Ein har elles teke omsyn til landskap og naturverdiar ved å trekkje byggjegranser inn frå det brattaste terrenget og myr, og stilt krav om individuell plassering av - og høgder på, bygg i terrenget jf. Figur 23 og føresegn 5.1.9.

Det er òg laga ein utomhusplan for tomtane BFS 13-17 og BKS5 av se arkitektur – avd Austevoll (figur 24). Denne syner et eksempel på korleis området kan utbyggast, og det er lagt inn murer der kor høgdeforskjellane er store. Det vil krevje terrenginngrep for å bygge i dette området, både med framlegging av veg og planering av tomter. Derfor er det satt krav i føresegna for å oppnå ein god terrengtilpassing ved utbygging av dette området. Føresegn 2.7 setter fleire krav om terrenginngrep som må følges ved utbygging.



Figur 24 - Utklipp frå vedlagt utomhusplan. (se arkitektur – avd Austevoll, 2023)



Figur 25 - Illustrasjonane syner utklipp frå utomhusplanen, med mogleg plassering av bygg på BFS8-17 og BKS5 i terreng, med utgangspunkt i byggegrenser og kotehøgder som er satt i planforslaget. Det er og lagt inn støttemurar, vegetasjon og areal til avkjørsel og parkering. (se arkitektur – avd Austevoll, 2023)

6.5. Arkitektur og estetikk

Ein av dei mest framtrede kvalitetane i planområdet er utsikt mot sjø, og tomtene er planlagt slik at bustadane får god utsikt både inne og ute, med parkering i bakkant. Då bygga skal tilpassast terrenget på den einskilde tomta vil bygga liggje på ulike kotehøgder, med ulike byggehøgder og med noko ulik retning for utsyn. Dette vil kunne bidra til at ein får eit variert og spanande bumiljø med unike kvalitetar knytt til kvar einskild tomt. Det er stilt krav til at søknad om tiltak skal innehalde komplett situasjonsplan med mellom anna plassering av bygg, planeringsnivå og byggehøgde og illustrasjon av fjernverknad og tilpassing til terreng (føresegn 3.2.). Då planen legg ein del føringar og vilkår for plassering av bygga, terrengetilpassing og estetisk tilpassing (føresegn 2.7), har ein ikkje stilt konkrete krav til arkitektonisk utforming, møneretning, saltak ol. Ein har stilt krav i fellesføresegnene til mellom anna robuste material, kjellaretasje i bratt terreng (under føresegn 5.1.)

6.6. Bumiljø og bukvalitet

For at bygg og uteområde skal bidra til godt bumiljø og god bukvalitet er det gjennom føresegnene mellom anna stilt krav om terrengetilpassing av bygg på dei einskilde tomtene (Figur 23, føresegn 5.1.9.).

Store deler av området ligg i terreng som heller mot sjø, noko som gjer at bygg må leggjast nedover i terrenget for å unngå store fyllingar/skjeringar. Det er kort avstand til leikeplassar, kollektivtrafikk (buss, ferje og skyssbåt) og gang- og sykkelavstand på fortau til Storebø sentrum, skule og barnehage. Ein vurderer at dette er gode kvalitetar som bidreg til å skapa eit godt bumiljø. Det er òg lagt opp til både einbustadar og fleirmannsbustadar i feltet, noko som kan bidra til variasjon av ulike aldersgrupper og etableringsfasar.

6.7. Tilgjenge og universell utforming

Det skal byggjast i tråd med krava gjeldande byggt teknisk forskrift ([TEK-17](#)). For bygg som ligg i bratt terreng og som er lagt nedover i terrenget, bør ein sikre alle funksjonar på inngangsplanet. Dette vert løyst i dei einskilde byggjesøknadane. Leikeområda skal utarbeidast slik at dei er universelt utforma, og ikkje vera brattare enn 1:3. Det skal etablerast ljøs langs køyrevegen. Tilhøve til universell utforming er sikra i føresegn 2.1. der ein stiller krav til lite allergiframkallande vegetasjon og utforming av fellesareal, og igjennom føresegn 3.1 og 3.2 der ein stiller krav til innhald i søknad. Her er det mellom anna stilt krav til utforming av veg, fortau og vegljøs. Det er òg stilt rekkjefølgjekrav i føresegn 4.1. til sikringstiltak, vegframføring og opparbeiding av universelt utforma leikeplassar – og rekkjefølgjekrav til ferdigstilling av trafikksikker framkomme med ljøssett tilkomstveg, jf. føresegn 4.2.6.

6.8. Leike- og uteopphaldsareal

Det er sett av eit område for leikeplass (BLK) innafor planområdet på 1,2 daa. Leikeplassen ligg sentralt i feltet, og med kort avstand for alle bueiningar. Leikeplassen oppfyller minstekravet til leikeplass jamfør retningslinje A i arealdelen til kommuneplanen, skal utformast på ein god måte og vera tilrettelagd for born i ulike aldersgrupper. Leikeplassen skal sikrast med gjerde mot veg, ikkje vera brattare enn 1:3, og opparbeidast med minst eit leikeapparat og ein benk (føresegn 5.8).

Leikeplassen skal vera ferdig opparbeida før det vert gjeve midlertidig bruksløyve eller ferdigattest (føresegn 4.2.2). Ved planting kring og i leikeareal, skal det ikkje nyttast artar som utgjer risiko for biologisk mangfald (til dømes sitkagran, raudhyll og parkslirekne), allergiframkallande arta (til dømes

hassel og bjørk) eller giftige artar med bær som (til dømes barlind). Her kan ein med fordel nytte spiselege bærbuskar og tre (til dømes ulike eple, plomme, svarthyll og solbær ol.), artar som bidreg til å forsterke sesongane (til dømes selje, rogn og engvegetasjon), og stadeigne artar (til dømes lyng, furu, eik, osp), (føresegn.2.6.) Nye bustadar som grenser til leikeplassen, saman med vegetasjon i området, kan vere med å skjerme den for vind. Leikeplassen vil elles ha gode utsikt- og lystilhøve, og vere skjerma for støy og forureining.

Anna uteopphaldsareal

Det er elles sett av om lag 24 daa til grønstruktur/friområde (GF) internt i planområdet. Delar av dette er utsett for støy(H220, sikra i plankart) og vil ikkje vera særleg attraktivt for opphald over tid – medan andre område grensar mot sjø og ligg skjerma for støy, men er bratte og ikkje særleg eigna for opphald. GF-område i terreng mot aust skapar ein god barriere mellom fv.546 og bustadområda, og vegetasjon vil kunne bidra til å dempe støy inn mot bustadområda. Nokre av tomtene har bratt terreng, og vil ha hellande uteområde , eller uteområde på ulike nivå. Det er opna for å etablere mindre støttemurar, plattingar og gjerde utanfor byggjegransene.

6.9. Parkering

Det er planlagt for parkering på eigen tomt, med minimum to parkeringsplassar per bueining. Det er ikkje lagt opp til felles parkeringsplassar/gjesteparkering i planområdet.

6.10. Trafikktryggleik og omsyn til mjuke trafikantar

Det er planlagt fortau (SF1 – FS7) på 1,5 meter langs SKV2, frå Fv546 og inn i planområdet. Fortau er lagt på venstre side av vegen i sør då det er noko myr og bratt terreng på motsett side. Det er plassert tre mindre lyktestolpar langs den eksisterande vegen i dag, og desse må flyttast for å få til ein god plassering av fortau. Fortauet er lagt på høgre side av vegen frå f_BUT1 og inn til BFS7, og ein har søkt å legge fortauet slik at det vert så samanhengande som mogeleg. Frå BFS7 og inn til BFS11, er fortauet lagt på venstre side – same side som bustadar. Det er stilt rekkefølgjekrav om opparbeiding av veg, fortau, vegljøs og leikeareal.

6.11. Støy

Bygg, uteopphald og leikeareal i planområdet er ikkje støyutsett, og tiltak ligg i god avstand til gul støysone frå Fv.546 (Figur 19). Det planleggjast ikkje for støyande verksemder innafor planområdet, og det er ikkje andre kjende støykjelder utanom Fv.546.

6.12. Tilkomst, vegtilhøve og renovasjon

Alle vegane i feltet er regulert som felles(f_). Vegane f_SKV1 og f_SKV2 er regulert med vegbreidde på 3,5 meter inkludert vegskulder, og det er regulert 1,5 meter fortau langs SKV1 frå avkøyringa til fv.546 og inn til BFS11. Det er regulert inn snuhammar i enden av både SKV1 og SKV2. Det kan etablerast vegljøs i anna veggrunn (SVG) langs tilkomstvegane. Det er sett av eige areal til renovasjon (BRE) sentralt i planområdet.

Det er regulert inn fortau langs SKV1 forbi leikeplassen, men ikkje langs SKV2. Årsaka til dette er at det er ytterlegare areal sett av til bustadføremål (LNF spreidd bustad) i arealdelen til kommuneplanen nord for planområdet, og vegen er difor planlagt med tanke på potensiell framtidig utvikling og

mogelig vegtilkomst. Det er ikkje regulert fortau på SKV2, då det er få bustadar som skal nytte denne vegen og det ikkje er lagt opp til ytterlegare utvikling/fleire framtidige bueiningar i dette området. Inne i planområdet vil fartsgrensa vera låg. f_SKV3 skal nyttast som tilkomstveg til BFS6 og 7, og skal berre opparbeidast inn til tomtene. Det er i dag ein landbruksveg i forlenginga av SKV3 med avkøyring til Fv.546 – denne vert regulert til landbruk.

Vegane ligg delvis i bratt terreng, og er tilpassa terrenget så langt det er mogleg. Det vert nokre skjeringar i bakkant mot bratt terreng, og noko fylling i framkant. Vegar skal utformast i tråd med Statens vegvesen, handbok N100.

7. Verknader av planforslaget

7.1. Overordna planar og vedtak

Planforslaget er vurdert til å vera i tråd med relevante overordna retningslinjer og føringar (kap. 3 og 4). Ein har mellom anna lagt vekt på terrengtilpassing, landskaps- og fjernverknadar, trafikktryggleik og leikeareal. Planforslaget legg til rette for eit variert bustadtilbod i utkanten av sentrumsområde (2-2,2 km), men likevel så nært at det kan bidra til auke bruk av gange- og sykkel. Ein har òg hatt dialog med kommunen undervegs i prosessen, og kome fram til fleire gode grep ein har teke opp i planforslaget, til dømes kring terrengtilpassing.

Syner elles til merknadsskjema i vedlegg der alle uttalar til oppstart, samt vilkår i oppstartsvedtak frå kommunen er kommentert.

7.2. Tilhøve til naboar

Då planforslaget legg opp til utbygging i eit område utan etablerte bygg, vil ikkje planforslaget få store verknadar for naboar. Det er etablert to bustadar i planområdet i dag, og frådelt ytterlegare to tomter som enno ikkje er bygt. Etablerte bustadar vil få auka trafikk forbi eigedommane. Alle bygg er plassert med omsyn til utsikt og gode uteområde internt i felta.

7.3. Estetikk og terrengtilpassing

Planforslaget legg opp til vegframføring i delvis bratt terreng, og dette vil føre til noko terrenginngrep. Vegen er plassert slik at den får akseptabel stigningsgrad, og slik at bygg kan plasserast med utsikt mot sjø og med vegen i bakkant. Bygg vil bidra til å skjerme noko av terrenginngrepa frå vegen, og det er stilt krav i føresegnene til utforming og plassering av bygg i bratt terreng slik at det vert reduserte terrenginngrep (2.7.Terrenginngrep, 3. Dokumentasjonskrav/krav til søknad, 5.1.9. Byggehøgder og grad av utnytting)

Det er òg lagt inn i føresegnene at skjeringar og fyllingar skal plantast til med stadeigen vegetasjon, og at inngrep skal gjerast så skånsamt som mogelig (føresegn 2.7). Verknadane på terrenget vil kunne dempast med omsyn til vegetasjon og plassering av bygg.

7.4. Tilgjenge og universell utforming

Planframlegget får ikkje verknader utanfor planområdet, anna enn at det vert fortatt inn i planområdet og fleire leikeplassar og uteoppfallsareal med god utforming som kan nyttast av bebuarar i bustadområda i nærleiken. Ein har sikra at det skal utformast gode overgangar mellom fortatt og utkøyrslar frå tomtene, og at ein ikkje skal etablere sikthindrande element. Fortatt og ljossett veg bidreg til gode tilhøve for menneskje med nedsett funksjonsevne. Det er òg krav om gjerde mot bratt terreng og sikring av skrentar, samt utforming av leikeareal.

7.5. Trafikktilhøve

Som følgje av planframlegget vert utkøyringa til Fv.546 regulert i tråd med gjennomførte tiltak. Det vert òg opparbeida fortatt frå fylkesvegen. Det er stilt rekkjefølgjekrav til at veg, fortatt og avkøyrslar skal vera ferdigstilt før ein får midlertidig bruksløyve/ferdigattest jf. føresegn 4.1.1, 4.2.4 og 4.2.6.

Det vert auke i trafikk som følgje av at det kan etablerast 29 bustadar i planområdet. Legg ein til grunn tal for turproduksjon knytt til bustadområde frå handbok V713 (Statens vegvesen 2014), reknar ein 3,5 turar per bustad dagleg. Dette gjev ein potensiell trafikkauke ved krysset til fv.546 på om lag 100 bilar i døgnet. Det faglege innhaldet i rettleiaren er frå 1989 og kan derfor vere noko utdatert. Ein gjennomsnittleg turproduksjon på 3,5 for einebustader er likevel vanleg å bruke som eit estimat i nyare planar i dag.

I planforslaget blir det lagt opp til 29 bueiningar, med 17 av disse som einebustader og 12 som konsentrerte bustader. 11 av einebustadane kan etablere ei utleigeeining. På grunn av dette kan ein sjå for seg eit estimat på 4,5 for turproduksjon per eining i planforslaget. Dette vil generere ein trafikkauke på om lag 130. Dette gjev ei potensiell trafikkauke på mellom 100 - 130 bilar i døgnet, med største time mellom 15.30 - 16.30.

Overgangsfeltet i avkøyrslen til fylkesvegen har ikkje intensivbelysning. Dette skal opparbeidast, og er satt som rekkjefølgjekrav i planforslaget (føresegn 4.1.3). I figur 26 kan ein sjå at veger med ÅDT <2000 anbefalar gangfelt dersom det er fleire enn 40 kryssande i makstima. Det vil truleg ikkje vere fleire enn 40 kryssande i makstima, men som det også står i handbok V127 på side 12: «På veger med fartsgrense 30 km/t er gangfelt anbefalt - på viktige kryssingssteder - som en del av et gangvegnet»

Overgangsfeltet i denne avkøyrsla er ein del av gangvegnet mellom Hufthammar ferjekai og Storebø, og er derfor eit viktig kryssingsstad. Elles har krysset god radius, trafikkøy og gode siktliner både for bilistar og mjuke trafikantar.

Overgangsfeltet er ikkje oppmerka, noko som kan vere aktuelt å gjennomføre ved opparbeiding av intensivbelysning i overgangsfeltet.

Tabell 2.1 Anbefalinger for nye og eksisterende gangfelt

Skiltet fartsgrense	ÅDT Kryssende i makstimen Akseptabelt fartsnivå	<2000		2000 - 8000		> 8000	
		< 40	> 40	< 20	> 20	< 10	> 10
	35 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green
	40 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green
	45 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green
	45 km/t	Red	Red	Red	Red	Red	Red

Ikke anbefalt gangfelt. Fremkommeligheten til gående med spesielle behov (barn, eldre og personer med nedsatt funksjonsevne) må imidlertid vurderes spesielt. Gangfelt kan eventuelt anlegges dersom det er et akseptabelt fartsnivå på stedet. Alternativt kan man vurdere tilrettelagt kryssing (se kapittel 6), eller finne alternative kryssingssteder.

Gangfelt anbefales som en del av gangnet, og som et fremkommelighetstil tak for gående på svært trafikkerte veger. For veger der akseptabelt fartsnivå overstiges, er det anbefalt å bruke fartsdempende tiltak.

Nye gangfelt anlegges ikke ved fartsgrense 60 km/t eller høyere. Dersom akseptabelt fartsnivå på 45 km/t ikke overstiges kan gangfelt anlegges (f.eks. ved rundkjøringer eller signalregulerte kryss). For veger med høyt fartsnivå og hvor forholdene ligger til rette, anbefales planskilte løsninger (se håndbok N100).

Figur 26 - Utklipp av tabell 2.1 i Statens vegvesen sin handbok V127.

Det er gode sikttilhøve ved utkøyringa til Fv.546 (siktliner på 10x78 meter), og ein har lagt inn siktliner både her og internt i feltet. Ein vurderer at krysset toler den potensielle trafikkauken godt.

7.6. Vatn, avlaup, overvatn og sløkkevatn

Vatn og avlaup

Det er lagt vatn- og avlaupsleidningar langs eksisterande vegtrase inn til planområdet. Det må etablerast nye vassleidningar frå offentleg vassforsyning. I dag er det etablert 160mm vassleidning frem til tomt BFS4. Nye bustadtomter må kople seg på denne vassleidningen. Reguleringsplanen legg opp til å etablere totalt 29 bueiningar innanfor planområdet. Ved å bruke ein generell regel at kvar bueining er 5 PE (personekvivalent), vert den totale PE verdien på $(29*5)$ 145. Dette tar høgde for maksimal utnytting av området. Dei reelle tala vil mest sannsynleg vere annleis. Det må etablerast avlaupsnett med slamavskiljar med vidare utslepp til sjø. Felles slamavskiljarar skal etablerast innanfor planområdet. I dag er det ein eksisterande slamavskiljar innanfor felt BAV1. Denne er stor nok til å handtere deler av utbygginga, men ikkje heile, og det er difor sett av til saman tre felt for slamavskiljarar(BAV1-3).

Vatn- og avlaupsplanen (rammeplan) ligg som vedlegg til planskildringa og følger lokal forskrift.

Overvatn

Overvatn drenerast til omkringliggende terreng eller sjø. Det er ikkje store elver eller bekker som fører til stor vasstilførsel frå land, og nedbørsfeltet er lite (Figur 18). Utbygginga bygger heller ikkje ned eksisterande flaumveger. Austevoll vatn og avlaup (AVA) har uttalt at dei ikkje ønsker at overvatn skal drenerast til deira leidningssystem da dette vil føre til unødvendige kostnader, slitasje og dårlegare reinsing av avløpet. Det vert difor stilt krav om å lede overvatn ut i sjø og til omkringliggende terreng.

Det er sikra i føresegn 2.2.3. at det innafor planområdet kan krevjast etablert anlegg for oppsamling, fordrøying, reinsing og bortleidning av overflatevatn frå bustadar, vegar og andre areal. Det er elles unngått bygg i myr og ei lita bekk i området som kan bidra til naturleg fordrøying og bortleiing av vatn. Det er og stilt krav i føresegn 3.1.2. at teknisk plan for veg, vatn, avløp og overvatn skal godkjennast av Austevoll kommune, samt i 3.2.1. om at søknad skal innehalde løysingar for handtering av overvatn. Det er òg stilt rekkefølgjekrav om at tilfredsstillande løysingar for handtering av overvatn skal vera etablert før det gjevast midlertidig bruksløyve eller ferdigattest. Nedbørsfeltet kring planområdet er lite, og ein ventar ikkje utfordringar med overvatn sjølv ved ekstremnedbør.

Sløkkevatn

Det må etablerast nye brannkummar innafor planområdet. Brannkummane skal kople seg på 160mm vassleidning. Avstanden mellom brannkummar og bustadtomter skal maksimalt vera 80 meter. Vegsystemet er teikna slik at ein brannbil skal kunne komme til. Brannvesenet har ein tankbil med sløkkevatn som kan komme seg fram til dette området. Ved eventuelt avvik frå forskrifta om avstand mellom brannobjekt og brannkum, krevjast det løyve frå Austevoll brannvesen. Dette skal vera ein del av VA-planen som skal vere klar før byggeløyve til bustadtomtene.

7.7. Born og unge sine interesser

Planforslaget legg opp til ein leikeplass, og 2 uteopphaldsareal i planområdet. Området ber i dag ikkje preg av å vera nytta til leik eller tuområde. Ein vurderer difor at det ikkje vert negative konsekvensar for born og unge samanlikna med dagens arealbruk. Planforslaget legg opp til ein leikeplass sentralt i feltet, fortau og vegljøs, gang- og sykkelavstand til sentrum, symjehall, skule og barnehage. Vurderinga er difor at planforslaget skapar gode oppvekstilhøve for born og unge.

7.8. Rekreasjon, friluftsliv og landbruk

Ein vurderer at planforslaget ikkje får vesentlege verknadar for rekreasjonsområde, område nytta til friluftsliv eller landbruk. Ein liten del av planområdet er regulert til landbruk (LL), og det går i dag ein traktorveg med avkøyrsløse frå Fv.546 inn til området. Landbruksvegen skal ikkje nyttast som tilkomstveg, og skal ikkje asfalterast. Det er knytt eigen føresegn til landbruksområdet som tydeleggjer at føremålet skal nyttast til naudsynte tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd (føresegn 8.1.1.)

7.9. Handels- og næringsliv

Planforslaget opnar for at fleire kan etablere seg på attraktive tomter nær Storebø sentrum. Gang- og sykkelavstand kan føre til at fleire går eller sykklar til sentrum og nyttar dei lokale tilboda – til dømes symjehall, badeplassar, båtplassar, restaurant og butikkar. Etablering av bustadområdet vil òg kunne støtte opp under lokalt næringsliv ved at det vert meir oppdrag til lokale føretak.

7.10. Juridiske/økonomiske konsekvensar

Planforslaget følgjer opp ønskt utvikling i kommunen ved å regulere eit bustadområde som er avsett i gjeldande arealdel. Forslaget førar ikkje til kjende økonomiske konsekvensar for kommunen. Vegar er til dømes regulert felles, men ikkje offentleg. Fleire innbyggjarar kan busette seg nær kommunesenteret Storebø, noko som kan føre til ei meir berekraftig og miljøvenleg samfunnsutvikling, enn om denne veksten fann stad spreidd og utanfor gang- og sykkelavstand. Ein kan òg vente ei auke i bruk av kollektivtransport.

7.11. Naturtilhøve og vurdering av naturmangfaldlova § 8-12

Det er utført ei kartlegging av naturmangfald og vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova §8 – 10 (Miljøfagleg Utredning, 2021). kunnskapsgrunnlaget er vurdert som relativt godt, og det er synt til at ein har nytta føre-var-prinsippet i nokon grad i tilknytning fugl. Vurderinga er at tiltaket er venta å gje betydeleg miljøskade (-2) for naturtypelokalitetar i planområdet, og ubetydeleg miljøskade (0) for delområdet for artar og deira økologiske funksjonsområde. Konsekvensane av utbygginga er vurderte til å vere avhengig av korleis vegar og utbyggingsområda vert lagt innafor planområdet. Tre mindre kystlyngheilokalitetar vert råka av utbygginga, og rapporten tek utgangspunkt i at heile arealet vert teke i bruk til bygg, veg eller hage, og at lite av den naturlege vegetasjonen vert att. I vurderinga av økosystemtilnærming og samla belastning (nml§10) står det at naturtypen kystlynghei er sterkt truga på raudlista for naturtypar, der gjengroing og tap av areal som vert nedbygd er viktige trugslar regional og nasjonalt. Det er vurdert i rapporten at lokalitetane med kystlynghei i planområdet er «fragmenterte restareal», og at dei vil verte redusert ytterlegare som følgje av pågåande attgroing. Det er elles synt til at ein heller bør satse på å bruke ressursar på større lokalitetar i betre tilstand – og

til at ein bør fjerne framande artar som er kartlagt i området (til dømes sitkagran og bulkemispel) ved utbygging for å hindre spreiding. Rapport med vurderingar frå Miljøfagleg utredning ligg som vedlegg.

I planforslaget har ein plassert bygga slik at ein i det vesentlege unngår myrområde, og ein har sett av om lag 23 daa til blå/grønnstruktur og friluftsområde mellom bustadområda, veg og sjø. Her har ein stilt krav om at stadeigen vegetasjon og store tre skal takast vare på (føresegn 7.2.2.). Ein har òg stilt krav til at framande artar skal fjernast ved utbygging (føresegn 2.4.3), og til at ein skal plante til skjeringar og fyllingar med reine massar og stadeigen vegetasjon (føresegn 2.7.4 og 2.6). Ein myr og bekk i planområdet er regulert til blå/grønnstruktur, og byggegrensar er trekt tilbake for å unngå ikkje naudsynte inngrep i terreng og vegetasjon. Ein vurderer at verknadane på naturtilhøve og biologisk mangfald er akseptable, og at det er positivt at risikoartar vert fjerna. Dette vil òg vera i tråd med nml§11, der det stillast krav til at tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfald som følgje av skade frå tiltak. Vurderinga etter §12 er at planforslaget opnar for ei utvikling som ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfald og økonomiske tilhøve, gjev gode samfunnsmessige resultat.

7.12. Strandsoneforvaltning

Planområdet strekker seg helt ned til sjøen, med nye tiltak innanfor 100-metersbeltet.

Planforslaget regulerer deler av strandsona med tiltak innanfor 100-metersbeltet frå sjø. Tiltak innanfor 100-metersbeltet frå sjø og vassdrag vert regulert av pbl. § 1-8 som seier at det skal tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Pbl. § 1-8 tredje ledd seier og at forbodet gjeld så langt ikkje anna byggegrense er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. I Austevoll kommune er byggegrensa for utbyggingsområde, (i dette tilfelle boligbebyggelse) satt til 25 meter frå strandlina jf. § 1.2 Føresegner og retningslinjer til arealdelen i kommuneplanen 2012 - 2023

I den statlege planretningslinja for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, er Austevoll vurdert til å ligge i sone 3 – område med mindre press på areala. I denne sona har kommunen meir fridom til å gi løyve til utbygging i strandsona. Eit følgje av dette er § 1.2 i KPA om 25 meters byggegrense til sjø. På side 12 og 13 i dette dokumentet er den statlege retningslinja for strandsoneforvaltning gått igjennom, og viktige utdrag som er spesielt relevant for planforslaget er nemnt. Det er òg gjort ein vurdering av rettleiaren samanlikna med planforslaget.

Utomhusplanen som er synt til under kapittel 6.4, syner korleis utbygging skal skje langs tomtane som er nærast strandsona. Utomhusplanen er laga for å visualisere naudsynte terrenginngrep som må gjerast for å bygge på desse tomtane. Spesielt innanfor BKS5 er det viktig med god terrengtilpassing, for å unngå store fyllingar. Utomhusplanen er vist til i føresegn 2.9 og skal vere rettleiande for vidare bygging på tomtane BFS13-17 og BKS5.

7.13. Risiko og tryggleik

Risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analyse) i kap.8 synleggjer sannsyn og konsekvens for potensiell risiko ved gjennomføring av planframlegget. Det er ikkje avdekt alvorlege tilhøve i analysen. Der ein har avdekt risiko har eit sikra ulike avbøtande tiltak i føresegnar og plankart, slik at tilhøva vert akseptable. Potensielle risikotilhøve og tiltak er trekt frem i eigen tabell under kapittel 8.1.

8. Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse)

Konsekvensar for miljø og samfunn skal beskrivast i planarbeid jf. Pbl § 1-1. ROS-analysen avdekkjer potensielle farar og konsekvensar for samfunnet ved gjennomføring av tiltaka i planen, og gjev informasjon kring avbøtande tiltak og løysingar for å fremje samfunnssikkerheit, førebyggja risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur samt materielle verdiar jf. Pbl § 3-1. Analysen er utarbeida i tråd med plan- og bygningslova § 4-3, der det stillast krav om ROS-analyser for planarbeid. Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i desse tilhøva som følgje av planlagt utbygging. Område der ein avdekkjer fare, risiko eller sårbarheit vert til dømes markert med omsynssone i plankartet, jf. §§ 11-8 og 12-6, og det vert sett naudsynte føresegnar for å avverje skadar og tap. Tilhøve avdekt i risikoanalysen er lagt til grunn for utarbeiding av planforslaget.

8.1. Samandrag: vurderingar og risikoreduserande tiltak
ROS-analysen skildrar sannsyn og konsekvens for potensiell risiko ved gjennomføring av planframlegget. Det er ikkje avdekt alvorlege risikotilhøve i analysen. Der ein har avdekt potensiell risiko har ein sikra ulike avbøtande tiltak i føresegnar og plankart, slik at tilhøva vert akseptable. Risikotilhøva avdekt i del 8.4. er trekt frem i tabellen under, der ein òg synleggjer korleis ein har forholdt seg til tilhøva i planforslaget.

Tema	Tiltak / avbøtande tiltak
2. Steinskred/sprang	Det er ikkje registrert steinskred/sprang i området, men topografien tilseier likevel at det kan vera reell fare for dette ved utbygging og inngrep i bratt terreng. Det er sikra i føresegn 2.4.2. at ein under utbygging skal føreta vurderingar kring behov for skredsikring, og i 2.7.3. ved etablering av fjellskjermer. Det er stilt krav i føresegn 4.2.1. om at før det gjevast midlertidig bruksløyve/ferdigattest skal føreliggja dokumentasjon på sikringstiltak dersom naudsynt.
11.Vind	Landskapet i planområdet er kupert, slik at nokre område vil områder vera meir utsett for vind enn andre. Risikoen for skade frå vind vert noko redusert for nye, solide bygg som stettar byggtkniske krav. Det er stilt krav i føresegn 5.8.3. til at leikeplassen skal skjermast for vind, til dømes med vegetasjon.
13. Skog- og vegetasjonsbrann	Det er ikkje venta at planforslaget vil vera utsett for - eller føra til auka risiko for vegetasjonsbrann, men om dette skjer vil det innebære risiko. Det er ikkje særskild beredskap knytt til vegetasjonsbrann i kommunen. Næraste brannstasjon ligg på Storebø, og det vil vera god tilkomst for sløkkjebilar i området. Det vert ikkje auka risiko for vegetasjonsbrann som følgje av planforslaget. Det vert lagt opp til etablering av nye brannkummar i VA-rammeplan.
15. Sårbar flora 16. Sårbar fauna/ fisk	Det er registrert sårbare artar i og nært planområdet. Vurderinga er likevel at konsekvensane som følgje av planen vert små, då kvaliteten på områda er vurdert som dårleg samanlikna med andre område i kommunen. Det er òg registrert risikoartar i planområdet – og det er stilt krav i føresegnene om handtering av desse (2.4.3, 2.6).

	<p>I føresegn 10.3. har ein sikra tilhøva til registrert kaste- og låssettingsplass i nedkant av planområde. I føresegn 7.2.2. har ein sikra at ein innafor grøntføremål (GF) skal ta vare på stadeigen vegetasjon og store tre, samt plante ny stadeigen vegetasjon. Ein har òg sikra at det ved nyplanting skal nyttast stadeigne artar, og ikkje risikoartar, samt stilt krav til at handtering av risikoartar skal synast i situasjonsplan.</p>
20. Naturinngrep	<p>Planforslaget opnar for inngrep i terrenget, men stiller òg krav til terrengtilpassing, at inngrep skal gjerast så skånsamt som mogeleg og at ein skal plante til skjeringar og fyllingar med stadeigen vegetasjon så langt som råd. Ein har søkt å unngå tiltak i det brattaste terrenget, myr og bekk, og det er ikkje opna for tiltak nær sjø.</p>
27. Akutt forureining	<p>Det er lite sannsyn for akutt forureining i planområdet, då det ikkje er forureinande verksemder/forureina grunn i nærleiken. Det kan likevel oppstå forureining i utbyggingsfasen som kan ha effekt på miljøet. Dette må generelt ivaretakast igjennom gode HMS-rutinar underutbygging. Det er sikra i føresegn 10.3. at eigar av fisk i steng ved kaste- og låssettingsplass skal kontaktast ved sprengingsarbeid.</p>
14.Radon	<p>NGU sitt radonkart syner at det er høy aktsemdsgrad av radon for store delar av kommunen. TEK17 stiller strenge krav til tiltak i nye bygg (til dømes radonsperre), og dette gjev difor ikkje risiko, sjølv om konsekvensane ved å vera utsett for radon over tid kan vera alvorlege. Det er ikkje sett inn avbøtande tiltak mot radon i bygga, då dette vert ivareteke igjennom TEK17. ROS-analysen syner difor risiko som raud, medan reell risiko ligg i grøn kategori.</p>
31.Beredskap	<p>Brannstasjon ligg om lag 7 minutt unna planområdet med bil, og legevakt/politi om lag 2-5 minutt unna. Det er god tilkomst inn i området. Det er dårleg ferjetilbod om natta i heile Austevoll kommune, og det vert då nytta helikopter eller ambulansebåt. Ein har ikkje høve til å betre denne situasjonen som følgje av planforslaget, anna enn å generelt legge opp til forsvarlege løysingar lokalt for å dempe risiko for ulukker og skade.</p>
34. Ulukker med mjuke trafikkantar	<p>Det er regulert for fortau langs SKV2 inn i planområdet frå Fv.546. Fortauet er lagt slik at det vert så samanhengjande som mogeleg. Det er fleire kryssingspunkt og private utkøyrslar på tilkomstvegen, og det er stilt krav til utforming av avkøyrslar i føresegn 6.6. Ein kan òg vurdere om det skal etablerast overgangsfelt og skilt langs felles vegareal for å redusere risiko for påkjørsel ved kryssing av veg. Farten vil vera låg internt i feltet. Det er stilt rekkefølgekrav til etablering av trafikksikker framkomme (føresegn 4.2.4, 4.2.6.), og krav til utforming av samferdselsanlegg, som køyreveg, fortau, gang- og sykkelveg i føresegn 6.</p>
35. Ulukker i anleggsperiode	<p>Det kan vera risiko for ulukker i anleggperioden. Gode HMS-rutinar vil bidra til å redusere risiko. Det er òg lagt inn krav i føresegn 2.4. om at ein skal vurdere behov for sikring mot skred/steinsprang undervegs.</p>

Figur 27 – Tabellen syner avdekt risiko under kapittel 8.4. og avbøtande tiltak implementert i føresegn og plankart.

8.2. Metode og kriterier

Analysen tek utgangspunkt overordna ROS-analyse for Austevoll kommune frå 2013 og Austevoll kommune sin mal for ROS-analyser. Som rettleiar har ein mellom anna nytta Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (dsb, 2017) sin rettleiar *samfunnssikkerheit i arealplanlegging, metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga*. Analysen byggjer elles på kjend kunnskap og synfaringar i området, og tek høgde for framtidige klimaendringar og ekstremvær. Sentrale punkt i analysen er; kva kan gå gale, kva er sannsynet for at det går gale – kva er konsekvensane – og korleis kan vi redusere risiko og konsekvens?

Sannsyn	Liv og helse	Miljø	Materielle verdiar
S1. Ikkje sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000 år.	Mindre enn ei hending kvart 5000 år.	Mindre enn ei hending kvart 5000 år.
S2. Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000 år, men mer enn en hendelse hvert 5000 år.	Mindre enn ei hending kvart 1000 år, men mer enn ei hending kvart 5000 år.	Mindre enn ei hending kvart 1000 år, men mer enn ei hending kvart 5000 år.
S3. Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200 år, men mer enn ei hending kvart 1000 år.	Mindre enn ei hending kvart 200 år, men mer enn ei hending kvart 1000 år.	Mindre enn ei hending kvart 200 år, men mer enn ei hending kvart 1000 år.
S4. Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 100 år, men mer enn ei hending kvart 200 år.	Mindre enn ei hending kvart 100 år, men mer enn ei hending kvart 200 år.	Mindre enn ei hending kvart 100 år, men mer enn ei hending kvart 200 år.
S5. Meget sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20 år, men mer enn ei hending kvart 100 år. (1).	Mindre enn ei hending kvart 20 år, men mer enn ei hending kvart 100 år. (1).	Mindre enn ei hending kvart 20 år, men mer enn ei hending kvart 100 år. (1).
S6. Svært sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20 år (2).	Meir enn ei hending kvart 20 år (2).	Meir enn ei hending kvart 20 år (2).

Figur 28 - Syner kriteria nytta for utrekning av sannsyn for hendingar. 1) Sårbare objekt med varig opphald for mer enn 10 personar, skal ikkje utsettast for større nominell sannsyn for ras enn 1:5000. 2) Byggverk av nasjonal eller regional betydning for beredskap og krisehandtering skal ikkje plasserast i risikoutsette område. Det same gjeld verksemder som er, eller kan verta omfatta av storulykkeforskrifta (verksemder der det vert framstilt, nytta, handtert eller lagra farlege stoff).

Konsekvens	Liv og helse	Miljø	Materielle verdiar
K1. Ufarleg/ubetydeleg	Få og ubetydelege personskadar	Ingen eller få og ubetydelege miljøskadar og / eller forureining av omgjevnader.	Små eller ingen skadar på materiell, utstyr eller andre økonomiske verdiar. Skadar begrensar seg opp til 100 000. Produksjonsstans < 1 veke.
K2. Liten fare	Personskadar kan forekomme, fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding.	Små skadar på miljø og som utbetrast av naturen sjølv etter relativ kort tid.	Mindre lokal skade på materiell, utstyr eller andre økonomiske verdiar. Skadar begrensar seg opp til 1 000 000. Produksjonsstans < 1 månad.
K3. Ei viss fare	Personskadar som medfører sykemelding og lengre fråvær.	Miljøskadar av stort omfang og middels alvor, eller skadar av lite omfang, men høgt alvor.	Alvorlig skade på materiell, utstyr eller andre økonomiske verdiar. Skadar begrensar seg opp til 10 000 000. Produksjonsstans > 1 månad.
K4. Farleg / alvorleg	Alvorlege (varige) personskadar og inntil 3 omkomne.	Store og alvorlege miljøskadar som det vil ta tid å utbetre. (dvs. fleire tiår.)	Tap av og / eller skade på materiell, utstyr eller andre økonomiske verdiar. Skader begrensar seg opp til 100 000 000. Produksjonsstans > 3 månader.
K5. Kritisk	Inntil 4 døde og / eller mer enn 20 alvorlege skadde. Inntil 500 evakuerte.	Langvarig og i verste fall varig alvorleg skade på miljø.	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr eller andre økonomiske verdiar. Skader begrensar seg opp til 500 000 000. Produksjonsstans > 1 år.
K6. Katastrofal	Over 4 døde og / eller mer enn 20 alvorleg skadde. Inntil 500 evakuerte.	Varige og alvorlege miljøskadar av stort omfang.	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr eller andre økonomiske verdiar. Skader begrensar seg opp til 500 000 000. Varig produksjonsstans.

Figur 29 - Syner kriteria nytta for utrekning av konsekvens ved ulike hendingar, for liv og helse, miljø og materielle verdiar

Risikomatriser

Liv og helse						
Konsekvensar → Sannsyn ↓	Ufarleg (1)	Liten (2)	Ei viss fare (3)	Farleg (4)	Kritisk (5)	Katastrofal (6)
Svært sannsynleg (6)						
Meget sannsynleg (5)						
Sannsynleg (4)						
Noko sannsynleg (3)						
Lite sannsynleg (2)						
Usannsynleg (1)						
➤ Felt farga raudt: Uakseptabel risiko. Tiltak må gjennomførast for å redusera denne til gul eller grøn.						
➤ Felt farga oransje: Faktisk risiko kan ligge i både gul og raud sone						
➤ Felt farga gul: Risiko som bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserar risiko.						
➤ Felt farga grøn: Akseptabel risiko.						

Figur 30 -- Syner samla sannsyn og konsekvens for liv og helse ved uønska hendingar.

Materielle verdiar						
Konsekvensar → Sannsyn ↓	Ufarleg (1)	Liten (2)	Ei viss fare (3)	Farleg (4)	Kritisk (5)	Katastrofal (6)
Svært sannsynleg (6)						
Meget sannsynleg (5)						
Sannsynleg (4)						
Noko sannsynleg (3)						
Lite sannsynleg (2)						
Usannsynleg (1)						
➤ Felt farga raudt: Uakseptabel risiko. Tiltak må gjennomførast for å redusere denne til gul eller grøn.						
➤ Felt farga oransje: Faktisk risiko kan ligge i både gul og raud sone						
➤ Felt farga gul: Risiko som bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko.						
➤ Felt farga grøn: Akseptabel risiko.						
➤ Felt farga lyse grøn: Faktisk risiko kan ligge både i gul og grøn.						

Figur 31 - Syner samla sannsyn og konsekvens for skade på materielle verdiar ved uønska hendingar.

Miljø						
Konsekvensar → Sannsyn ↓	Ufarleg (1)	Liten (2)	Ei viss fare (3)	Farleg (4)	Kritisk (5)	Katastrofal (6)
Svært sannsynleg (6)						
Meget sannsynleg (5)						
Sannsynleg (4)						
Noe sannsynleg (3)						
Lite sannsynleg (2)						
Usannsynleg (1)						
➤ Felt farga raudt: Uakseptabel risiko. Tiltak må gjennomførast for å redusera denne til gul eller grøn.						
➤ Felt farga oransje: Faktisk risiko kan ligge i både gul og raud sone						
➤ Felt farga gul: Risiko som bør vurderes med omsyn til tiltak som reduserer risiko.						
➤ Felt farga grøn: Akseptabel risiko.						

Figur 32 - Syner samla sannsyn for og konsekvens for effekt av uønska hendingar på miljøet.

8.3. Vurderingar

I analysen er det gjort greie for aktuelle tilhøve som følgje av planforslaget. Det er nytta S for sannsyn og K for konsekvens, i tråd med risikomatrissane for liv og helse, materielle verdiar og miljø.

	Miljø	Liv og helse	Miljø	Materielle verdiar	Kommentar og referanse
1	Snøskred	S1/K2	S1/K1	S1/K1	Det er ikkje registrert snøskredhendingar i eller i nærleiken av området(NVE). Topografien tilseier at det ikkje vil være reell fare for snøskred. Vêrtilhøva gjev sjeldan store snømengder langs sjø i Austevoll.
2	Steinskred/sprang	S2/K4	S2/K3	S2/K3	Det er ikkje registrert steinskred innafor planområdet, men det er registrert aktsemdsområde sør for planområdet. Topografien tilseier at det kan vera reell fare for steinskred/sprang ved utbygging.
3	Jordskred	-	-	-	Det er ikkje registrert jordskredhendingar i eller i nærleiken av området, og grunntilhøva tilseier at dette ikkje er sannsynleg.
4	Lausmasseskred	-	-	-	Lausmassane i området er registrert som bart fjell (NVE), og skred er usannsynleg.
5	Flodbølgje som følgje av skred	-	-	-	Det er ikkje område utsett for fjellskred i nærleiken av planområdet
6	Kvikkleire	-	-	-	Det er ikkje registrert kvikkleire i området
7	Flaum/flaumskred	-	-	-	Det er ikkje registrert flaum/flaumskredhendingar i området (NVE). Nye tiltak som følgje av planforslaget vil ligge meir enn 25 meter frå sjø og det er ikkje vatn som vil utløyse skred i planområdet.
8	Overvatn	S2/K1	S2/K2	S2/K1	Overvatn vert drenert naturleg til sjø, og er regulert i VA-rammeplan. Ein bekk er heldt open i grøntområde mot sjø, og små myrområde bidreg til å dempe flaum ved ekstremnedbør. Det kan verta noko meir vatn i bekken som følgje av planforslaget, men det er ikkje venta auka risiko som følgje av dette då nedbørsfeltet til planområdet er lite.
9	Stormflo	-	-	-	Tiltak i planområdet ligg over kote +20, og vert difor ikkje utsett for stormflo
10	Havnivåstigning	-	-	-	Tiltak i planområdet ligg over kote +20, og vert difor ikkje råka av havnivåstigning
11	Vind	S6/K2	S6/K2	S6/K2	Vindtilhøva på Hufthamar er varierende(Ros-analyse for Austevoll kommune, 2012), og planområdet ligg i eit vindutsett, relativt ope område. «I vinterhalvåret er det mest vind fra sør og sørøst hvor vindstyrken kan komme opp i liten til stiv kuling. Fra nord vil det være mindre vind, men med vindstyrke opp mot sterk kuling. I sommerhalvåret kommer hovedsakelig vinden fra nord, med vindstyrke opp mot liten/stiv kuling. Områder med bart fjell og lite vegetasjon gir lite ly.» Landskapet i planområdet er kupert, slik at nokre område vil områder vera meir utsett for vind enn andre. Risikoen for skade frå vind vert

					noko redusert for nye, solide bygg stettar byggetekniske krav.
12	Nedbør	S2/K1	S2/K1	S2/K1	Årleg nedbørsmengd i Austevoll er på om lag 1200 mm. VA-rammeplan tek høgde for overvatn, og planområdet har naturleg drenering av overvatn mot sjø. Nedbørsfeltet til planområdet er lite.
13	Skog- og vegetasjonsbrann	S3/K2	S3/K3	S3/K3	Planområdet består i stor grad av skog, buskar og utmark, og kan potensielt vera utsett for vegetasjonsbrann. Det er ikkje særskild beredskap knytt til vegetasjonsbrann i kommunen. Næraste brannstasjon ligg på Storebø, og det vil vera god tilkomst for sløkkjebilar i området. Det er ikkje venta at planforslaget vil vera utsett for - eller føra til auka risiko for vegetasjonsbrann.
14	Radon	S6/K3	-	-	NGU sitt radonkart syner at det er høg aktsemdsgrad av radon for store delar av kommunen. TEK17 stiller strenge krav til tiltak i nye bygg (til dømes radonsperre), og dette gjev difor ikkje risiko, sjølv om konsekvensane ved å vera utsett for radon over tid kan vera alvorlege.

Kjelder/ Miljø: nve.no, nevina.nve.no, ngu.no, ROS-analyse for Austevoll 2012, Tek17, miljøstaus.no, klimahjelperen (DSB 2015), havnivåstigning og stormflo (DSB 2016), synfaring 2021

	Natur og kultur	Liv og helse	Miljø	Materielle verdjar	Kommentar og referanse
15	Sårbar flora	-	S4/K2	-	Rapport over biologisk mangfald (Miljøfagleg utredning, 2021) avdekkar at delar av området består av kystlynghei av låg kvalitet og i attgroingsfase. Planforslaget vil føra til tap av desse områda. Vurderinga er likevel at kvaliteten på områda er dårleg, og at ein heller bør søkje å ta vare på andre, betre lokalitetar andre stader i kommunen. Det er òg registrert risikoartar i området, og stilt krav til at desse skal fjernast ved utbygging for å hindre vidare spreining. Dette vil potensielt vera positivt for kringliggjande område. Konsekvensane som følgje av planforslaget vert difor vurdert som liten.
16	Sårbar fauna/fisk	-	S4/K2	-	Planforslaget vil føre til meir aktivitet nært område der ein har registrert sårbare artar (til dømes vipe) – men er ikkje venta å ha negative verknader i funksjonsområde til desse. Forsvarleg handtering/fjerning av risikoartar i planområdet vil potensielt vera positivt for artar i kringliggjande område ved at ein hindrar ytterlegare spreining. Konsekvensar som følgje av planforslaget vert difor vurdert som liten.
17	Hjort og vilt	-	-	-	Området er ikkje registrert som viktig viltområde, og planforslaget er ikkje venta å gje negativ effekt på vilt.
18	Landbruk / sau	-	-	-	Området vert ikkje nytta til beite, og planforslaget er ikkje venta å ha negative verknader for dette. Delar av planområdet er dyrka mark, og vert regulert til landbruk. Det er gjort uttak av skog i planområdet.

19	Kulturminne og kulturmiljø	-	-	-	Det er ikkje registrert kulturverdiar i planområdet. Det er sikra i føresegnene at dersom det vert gjort funn skal arbeids toppast og funn meldast til rette mynde.
20	Naturinngrep	-	S6/K2	-	Planforslaget opnar for inngrep i terrenget, men stiller òg krav til terrengetilpassing, at inngrep skal gjerast så skånsamt som mogeleg og at ein skal plante til skjeringar og fyllingar med stadeigen vegetasjon så langt som råd. Ein har søkt å unngå tiltak i det brattaste terrenget, myr og bekk. Det er ikkje opna for tiltak nær sjø.
21	Landskap	-	S6/K1	-	Planforslaget vil føre til endringar i landskapet lokalt, og ha fjernverknadar. Bygg mot sjø er plassert på nivå med terreng i bakkant, og bygg som ligg høgt i terrenget er trekt bak på tomtene for å unngå vesentlege silhuettverknadar. Det er allereie bygg i landskapet lenger sør og nord for planområdet. Bygga er tilpassa terrenget for å redusere fjernverknadar, fremtredande inngrep i det overordna landskapet og horisontlinjer.
		-	-	-	Det er ikkje avdekt andre natur eller kulturtilhøve som vert råka av planforslaget

Kjelder/ natur og kultur: artsdatabanken.no, kulturminnesøk.no, rapport biologisk mangfald(miljøfagleg utredning 2021), kartlegging av viktige viltområde(austevoll kommune, 2018), synfaring 2021

	Menneskeskapte tilhøve	Liv og helse	Miljø	Materielle verdiar	Kommentar og referanse
23	Veg	S2/K3	S3/K1	S3/K2	Det er etablert ein veg sør i planområdet. Vegen er oversikteleg og trafikken vil vera knytt til bustadane i området. Planforslaget legg opp til etablering av fortau på eksisterande veg og langs tilkomstveg i forlenging av denne, noko som reduserer faren for trafikkulukker. Det skal òg etablerast vegljøs langs vegen. Fartsgrensa vil vera låg.
24	Hamne- og kaianlegg	-	-	-	Ikkje aktuelt for planområdet.
25	Høgspont	-	-	-	Ikkje aktuelt for planområdet
26	Anna	-	-	-	Det er ikkje avdekt andre menneskeskapte tilhøve som vert råka av planforslaget
27	Akutt forureining	S1/K1	S3/K3	S1/K1	Det er lite sannsynlig med akutt forureining i planområdet, då det ikkje er forureinande verksemd/forureina grunn i nærleiken. Det kan likevel oppstå forureining i utbyggingsfasen som kan ha effekt på miljøet.
28	Permanent forureining	-	-	-	Det planleggjast ikkje for forureinande verksemd, og det er difor ikkje sannsynleg at det er fare for permanent forureining.
29	Støy	S1/K1	S1/K1	S1/K1	Planområdet er ikkje støyutsett, anna enn langs Fv.546, der det ikkje er lagt opp til utbyggingsføre mål. Det er ikkje andre støyande verksemd i området. Ein må medrekne noko støy i anleggsfasen.
30	Støv	S1/K1	S1/K1	S1/K1	Området er ikkje utsett for støv
31	Beredskap	S4/K3	S4/K3	S4/K3	Brannstasjon ligg om lag 7 minutt unna planområdet med bil, og legevakt om lag 2 minutt unna. Det er god tilkomst inn i

					<p>området. Det er dårleg ferjetilbod om natta, og det vert då nytta ambulanshelikopter om naudsynt.</p> <p>Kommunen sender elles ut meldingar ved ekstremvær og ved arbeid som til dømes råkar lokale vassleidningar, som til dømes vatnings- og fyringsforbod, sikring av lause gjenstandar, og midlertidig stenging av vatn og straum.</p>
32	Transport	S3/K2	S6/K1	S6/K1	<p>Det kan verte glatte vegar og mørke kveldar. Vegbana er ikkje utsett for andre vèrmessige begrensingar, som til dømes lokal flaum. Det skal etablerast vegljøs og fortau, som bidreg til at trafikksituasjonen vert oversikteleg og til å redusere fare ved glatt veg og mørke.</p>
33	Akutte skadar	S2/K3	S4/K1	S4/K1	<p>Akutte skadar kan alltid skje. Det er ikkje venta auka risiko for akutte skadar som følge av planforslaget. Lav fartsgrense, gode stigningstilhøve og gode siktliner reduserer risiko for ulukker ved av- og innkjørsler. Det er sikra i føresegnene at det skal etablerast gjerde ved bratt terreng, og at området skal vera sikkert før det takast i bruk.</p>
34	Uluke med mjuke trafikkantar	S3/K4	S4/K1	S4/K1	<p>Det er regulert for fortau langs SKV2 inn i planområdet, frå Fv.546. Det er fleire kryssingspunkt og private utkjørsler på tilkomstvegen, og ein kan vurdere om det skal etablerast overgangsfelt og skilt langs felles vegareal for å redusere risiko for påkjørsel. Farten vil vera låg internt i feltet.</p>
35	Uluke ved gjennomføring	S4/K3	S4/K1	S4/K1	<p>Det kan vera risiko for ulukker i anleggsfasen. Gode HMS-rutinar vil bidra til å redusere risiko. Det er òg lagt inn krav i føresegnene om at ein skal vurdere behov for sikring mot skred/steinsprang undervegs.</p>
		-	-	-	<p>Det er ikkje avdekt andre risikotilhøve knytt til menneskeskapte tilhøve.</p>
<p>Kjelder/ menneskeskapte tilhøve: gulesiderkart.no, kommune kart (Austevoll kommune, norkart 2022), rapport biologisk mangfald(miljøfagleg utredning 2021), arealdelen av kommuneplanen 2013, Statens vegvesen(2021), synfaring 2021</p>					

Figur 33 - Syner korleis dei ulike tema er vurdert i høve til risiko og konsekvens, og kva kunnskap som ligg til grunn.

Vedlegg

1. Merknadsskjema v/oppstart
2. Referat frå oppstartsmøte
3. Rapport biologisk mangfald (miljøfagleg utredning, 2021)
4. VA-rammeplan
5. Vegteikningar
6. Illustrasjonar for BFS 8 – 11 og BFS 13 – 17
7. Utfylt sjekklister for oversending av planframlegg til Austevoll kommune
8. Sosi-fil, plankart og føresegner
9. Utomhusplan

Ikkje vedlegg

- Konsekvensutgreiing for arealdelen av kommuneplanen 2013 ligg som aktiv lenke i dokumentet, kap. 1.
- Tilbakemeldingsbrev/referat frå kommunen frå undervegs møte